



DET KONGELEGE KYRKJE-,
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 44

(1999-2000)

Om lov om endringer i lov 17. juli 1998
nr. 61 om grunnskolen og den
vidaregåande opplæringa
(opplæringslova) m.m.

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av
28. april 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Denne proposisjonen inneheld framlegg til endringar i opplæringslova og privatskulelova. Lovframlegget frå departementet byggjer på St.meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereformen og St.meld. nr. 32 (1998-99) Videregående opplæring. I tillegg er det framlegg til nokre andre endringar.

Framlegget inneber at dei som er over opplæringspliktig alder og treng grunnskoleopplæring, får lovfesta rett til slik opplæring.

Framlegget inneber også at vaksne som er fødte før 1978, og som dermed ikkje har nytt godt av retten til vidaregåande opplæring etter Reform 94, skal få lovfesta rett til vidaregåande opplæring.

Reguleringa av opplæring spesielt organisert for vaksne blir nytt kapittel 4A i opplæringslova. På denne måten vert det meir tydeleg kva for reglar i lova som gjeld for slik opplæring, og kva reglar som ikkje gjeld.

I tillegg gjer departementet framlegg om andre endringar i opplæringslova knytte til vidaregåande opplæring generelt. Det gjeld opplæring i inntil fem år etter sakkunnig vurdering, rett til vidaregåande opplæring i den tid som er nødvendig etter læreplanen, rett til inntil eitt ekstra opplæringsår ved omval, forslag om å utvide uttaksramma for retten til vidaregåande opplæring med eitt år, rett til å teikne opplæringskontrakt i fag som har læretid i bedrift med sikte mot kompetanse på lågare nivå, og forslag om å forskriftsfeste at minoritetsspråklege som får tilbod om innføringskurs, ikkje dermed bruker av opplæringsretten.

Som følgje av lovforslaget her, vil behovet for reglar om omfang av den fylkeskommunale vidaregåande opplæringa, i hovudsak falle bort når lovendringane trer i kraft. Departementet vil derfor oppheve reglane om omfang frå same tidspunkt.

Departementet foreslår også andre endringar i opplæringslova, mellom anna å oppheve godkjenningsordninga for lærebøker, om rett til opplæring i punktskrift og om høve til i særskilde tilfelle å flytte grunnskoleelevane frå nærskolen.

I tillegg gjer departementet framlegg om endringar i privatskulelova. Det gjeld yrkesforbod og krav om politiattest ved tilsetjing i private skolar, klage på spesialundervisning i private skolar og klage på enkeltvedtak om skole-skyss for elevar i private grunnskolar.

Proposisjonen omtaler vidare »prosjekt delkompetanse» for elevar og læremiddelsituasjonen for punktskriftbrukarar.

2 Forslag om endringar i opplæringslova på bakgrunn av St.meld. nr. 42 (1997-1998) Kompetansereformen

2.1 Grunnskoleopplæring for vaksne

2.1.1 Rett til grunnskoleopplæring for vaksne

2.1.1.1 Gjeldande rett

Fram til 1. august 1999 var grunnskoleopplæring for vaksne heimla i lov 28. mai 1976 nr. 35 om voksenopplæring (voksenopplæringsloven). Frå 1. august 1999 vart føresegnene om grunnskoleopplæring for vaksne tekne inn i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

Etter opplæringslova har kommunen ansvaret for å planleggje og utvikle grunnskoleopplæring for vaksne i kommunen. Vaksne har ikkje i dag nokon generell rett til grunnskoleopplæring, med unntak for dei gruppene som har rett til opplæring etter § 5-2 i opplæringslova. Dei gruppene som i dag fell inn under § 5-2, er vaksne som på grunn av sjukdom eller skade har behov for fornya grunnskoleopplæring, vaksne som har fått mangelfullt grunnskoletilbod og vaksne som har særleg behov for å utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik (vedlikehaldsopplæring/ADL-trening).

Slik § 5-2 er utforma, er det ikkje skilt klart mellom vanleg undervisning og spesialundervisning, men på bakgrunn av overskrifta - Spesialundervisning for vaksne - er det naturleg å sjå det slik at nemninga »spesialundervisning» blir nytta som fellesnemning på all undervisning som blir gitt etter paragrafen, utan omsyn til det nærmare innhaldet i undervisninga. Dei saksbehandlingsreglane som gjeld spesialundervisning, til dømes kravet om sakkunnig vurdering, blir nytta i samband med all undervisning i medhald av § 5-2.

Det går fram av premissane i Ot. prp. nr. 46 (1997-98) om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, side 168, at når ein skal vurdere om nokon har fått mangelfullt grunnskoletilbod, må ein ta utgangspunkt i dei rettane som følgde av lovgivinga på det tidspunktet da den personen det gjeld, gjekk i grunnskolen.

Det går vidare fram av premissane, side 168-169, at omfanget, innhaldet og lengda på all undervisning etter § 5-2 må vere slik at undervisninga gir den vaksne sjanse til å nå dei mål det i kvart tilfelle er realistisk å setje opp.

2.1.1.2 Høringsutkast frå departementet

Under behandlinga av St.meld. nr. 42 (1997-1998) Kompetansereformen gjorde Stortinget dette vedtaket: «Stortinget ber Regjeringa fremme lovforslag om individuell rett for vaksne til grunnskoleopplæring».

På denne bakgrunnen utarbeidde departementet eit høringsutkast, der det vart foreslått å lovfeste ein slik rett for alle som er over opplæringspliktig

alder og som treng grunnskoleopplæring, så langt dei etter opplæringslova § 3-1 ikkje allereie har rett til vidaregåande opplæring. Forslaget inneber ei utviding og meir generell utforming av dei rettane som i dag følgjer av opplæringslova § 5-2. I tillegg vart det foreslått ei eiga føresegn om spesialundervisning for dei som ikkje vil få tilfredsstillande utbytte av det vanlege opplæringstilbodet for vaksne, jf. punkt 2.1.2.

Høringsutkastet la såleis opp til ei lovteknisk oppdeling i to føresegner, der den første regulerer sjølve grunnretten til opplæring for dei som treng det, den andre tilleggsretten til spesialundervisning for dei som har særlege behov. Konsekvensen av høringsutkastet blir da at dagens § 5-2 i opplæringslova blir oppheva.

Forslaget om rett til grunnskoleopplæring for vaksne byggjer i utgangspunktet på L97 og L97S, men den individuelle grunnretten til slik opplæring blir foreslått til vanleg å skulle omfatte opplæring i dei fem faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskole. Desse faga er norsk, engelsk og matematikk og i tillegg to av faga natur- og miljøfag, samfunnsfag og kristendoms-kunnskap med religions- og livssynsorientering.

I særskilde høve opna forslaget for rett til opplæring i anna enn desse fem faga. Særleg vil dette gjelde dei som treng spesialundervisning, der det kan vere aktuelt å ta utgangspunkt i heile læreplanverket, utarbeide ein individuell opplæringsplan og tilpasse undervisningsopplegget slik at eleven kan få tilfredsstillande utbytte.

Etter forslaget skal opplæringa tilpassast den situasjon den vaksne står i; det gjeld både omfang, lengd og tidspunkt for undervisninga. Som hovudregel skal ein bruke komprimerte løp; vaksne skal ikkje plasserast i ordinære klassar saman med barn og unge.

Nærskoleprinsippet i opplæringslova § 8-1 skal ikkje gjelde for grunnskoleopplæring for vaksne. Kommunane kan til dømes organisere grunnskoleopplæringa gjennom interkommunalt samarbeid. Kommunen får såleis stor fridom til å organisere tilbodet. Sjå meir om dette under pkt. 2.5 om ansvarsføresegner m.m.

Tilpassa undervisningsopplegg vil mellom anna kunne omfatte målform, opplæring i og på teiknspråk, i punktskrift, i og på samisk og på finsk, samt tilbod for dei som treng lese- og skriveopplæring. Dette gjeld berre i den grad det er nødvendig for at den vaksne kan få forsvarleg opplæring. På denne bakgrunnen vil vaksne som hører til desse gruppene, ikkje få tilboda regulerte gjennom meir presise reglar, slik som elevar i opplæringspliktig alder.

Det er lagt opp til å føre vidare dagens ordning med opplæring i norsk med samfunnskunnskap for vaksne frå språklege minoritetar. Ordninga omfattar alle nivå, frå dei som treng alfabetiseringsundervisning til dei med høgare utdanning. For dei som treng alfabetiseringsundervisning, er det opna for å bruke morsmålet i undervisninga. Departementet går ut frå at denne ordninga i dei aller fleste tilfelle vil dekkje dei behova dei vaksne har for grunnleggjande språkoppplæring, slik at deltakarane normalt ikkje vil ha ytterlegare behov for morsmålsundervisning.

Dagens ordning med opplæring i norsk med samfunnskunnskap vil kunne nyttast i kombinasjon med grunnskoleopplæring slik at det styrkjer språkopp- læringa.

All opplæring og alt undervisningsmaterieell skal vere gratis. Sjølv om lovformuleringa ikkje er identisk med opplæringslova § 2-1, er det ikkje meininga at det skal vere nokon forskjell i innhald. Gratisprinsippet i grunnskolen skal etter forslaget såleis gjelde også på dette området.

2.1.1.3 Høringsinstansane

Mange av høringsinstansane har ikkje kommentert forslaget om rett til grunnskole for vaksne. Av dei som har merknader, er dei fleste positive til forslaget, men dei set som føresetnad at staten betaler ekstrakostnader knytte til det.

2.1.1.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet meiner det er behov for å gi fleire høve til grunnskoleopplæring, og foreslår derfor rett til slik opplæring. Retten vil gjelde dei som ikkje har fullført grunnskolen, men også dei som formelt sett har fullført, men likevel treng meir grunnskoleopplæring. Ein slik rett til grunnskoleopplæring kan medverke til større likestilling og større sjansar til å delta i arbeidslivet, også for utlendingar som oppheld seg i Noreg.

Utlendingar med busetjingsløyve, arbeids- og/eller opphaldsløyve som gir grunnlag for busetjingsløyve eller kollektivt vern, skal ha dei same rettane som norske statsborgarar. Dette følgjer av § 3 i lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingars adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven). Vaksne som ikkje har fått avgjort opphaldsstatus, mellom andre asylsøkjjarar, får ingen rett til grunnskoleopplæring, men dei kan få høve til å ta del i opplæringa dersom kommunen har slike opplæringstiltak i gang.

2.1.2 Spesialundervisning for vaksne i grunnskoleopplæring

2.1.2.1 Gjeldande rett

Vaksne har i dag rett til spesialundervisning etter reglane i opplæringslova § 5-2. Det er gjort greie for innhaldet i denne paragrafen i pkt. 2.1.1 ovanfor.

2.1.2.2 Høringsutkastet frå departementet

Etter det ovannemnde høringsutkastet vil vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det vanlege, tilpassa opplæringstilbodet, få rett til spesialundervisning. Desse vaksne har såleis mellom anna rett til ekstra ressursinnsats, og elles skal saksbehandlingsreglane for spesialundervisning følgjast - noko som mellom anna inneber krav om sakkunnig vurdering og individuell opplæringsplan. Som nemnt ovanfor vil det her vere rom for å gå utover dei fem faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskole.

Dei som i dag har rett til opplæring for å utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik (vedlikehaldsopplæring/ADL-trening) etter opplæringslova § 5-2 andre leddet, skal etter høringsutkastet framleis ha rett til slik opplæring. Føresegna er teken inn som eige ledd i den nye føresegna om spesialundervisning for vaksne.

Elles byggjer høringsutkastet på at kommunen har den same fridom til å organisere tilbodet som for den vanlege opplæringa for vaksne.

2.1.2.3 Høringsinstansane

Få høringsinstansar kommenterer sjølve retten til spesialundervisning.

2.1.2.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet gjer framlegg i tråd med høringsutkastet.

Retten til grunnskoleopplæring for vaksne byggjer på L97 og L97S, men slik at ein til vanleg skal gi opplæring i dei fem faga ein treng for å få vitnemål frå grunnskolen. I særskilde høve er det likevel opna for rett til opplæring i anna enn dei fem faga. Særleg vil dette gjelde dei som treng spesialundervisning, der det kan vere aktuelt å ta utgangspunkt i heile læreplanverket, utarbeide ein individuell opplæringsplan og tilpasse undervisningsopplegget slik at eleven kan få tilfredsstillande utbytte. Vaksne som på grunn av sjukdom eller skade har behov for fornya grunnskoleopplæring, vil vere omfatta av retten til grunnskoleopplæring og som oftast også av retten til spesialundervisning.

Dei som i dag har rett til opplæring for å utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik (ADL-trening) etter § 5-2 andre ledd, skal framleis ha rett til slik opplæring.

2.2 Vidaregåande opplæring for vaksne

2.2.1 Rett for vaksne til vidaregåande opplæring

2.2.1.1 Gjeldande rett

Vaksne har etter gjeldande reglar ikkje lovfesta rett til vidaregåande opplæring, men fylkeskommunen har plikt til å tilby vidaregåande opplæring for vaksne, jf. opplæringslova § 13-3 andre leddet. Regelen pålegg fylkeskommunane å gi tilbod om opplæring også til elevar og læringar som ikkje har rett til vidaregåande opplæring. I medhald av forskrift 28. juni 1999 til opplæringslova § 1-7 skal det samla omfanget av tilboda om vidaregåande opplæring vere minimum 375 pst. av eit gjennomsnittleg årskull 16-19-åringar.

2.2.1.2 Høringsutkastet frå departementet

I St.meld. nr. 32 (1998-99) vart det vist til at både talet på vaksne søkjarar og talet på vaksne elevar i vidaregåande opplæring har gått ned etter at ungdom fekk rett til vidaregåande opplæring i og med innføringa av Reform 94. I meldinga vart det også vist til manglande fleksibilitet i tilboda frå fylkeskommunane som årsak til at talet på vaksne søkjarar er redusert.

I St.meld. nr. 42 (1997-1998) vart det vist til at eit av formåla med kompetansereforma var å utvikle strategiar for å gjere det mogleg for vaksne med relativt låg grunnutdanning å heve kompetansen. Eit anna formål var å styrkje brukarorienteringa, tilgjenge, fleksibiliteten, breidda og omfanget i vaksneopplæringa.

I høringsutkastet påpeikte departementet at det er viktig å sikre vaksne høve til opplæring og kompetanseheving. Dette gjeld i særleg grad dei som ikkje har hatt rett til vidaregåande opplæring etter Reform 94, dvs. vaksne fødte før 1978.

På denne bakgrunnen foreslo departementet i høringsutkastet ei lovending som gir rett til vidaregåande opplæring for denne gruppa vaksne.

I høringsutkastet la departementet vekt på at retten skulle innebere at vaksne får tilbod om vidaregåande opplæring som kan føre fram til full kompetanse.

Mange vaksne utdanningssøkjjarar ønskjer å kombinere vidaregåande opplæring med jobb og familieliv. For at retten til vidaregåande opplæring skal synast interessant for dei vaksne, er dei i større grad enn ungdom avhengige av å bli tekne inn på den studieretninga dei har som førsteønske. Det er også viktig at tilboda er smidige når det gjeld tid, stad, lengd og progresjon. Opplæringa skal byggje på den formal- og realkompetansen den enkelte vaksne har frå før, dvs. gi eit avkorta tilbod som gjer det mogleg å halde fram utdanninga frå det nivå der den vaksne står. Det er motiverande, ein sparer tid og det er billigare for både samfunnet og den enkelte. Opplæringa skal dessutan vere tilpassa behova hos den enkelte vaksne og vere slik organisert at det er mogleg med komprimerte løp. Fleksibel og praktisk tilrettelegging av opplæringa er heilt vesentleg for å kunne tilby søkjaren vidaregåande opplæring på den studieretninga den vaksne har som førsteønske.

Det bør vidare bli lagt vekt på å utnytte informasjons- og kommunikasjonsteknologien. Dei mest kostnadseffektive og fleksible løysingane vil truleg vere opplæringstilbod som kombinerer IKT med ulike former for studieringar og opplæringstilbod i nærmiljøet.

For å komme behova for tilrettelegging i møte, kan fylkeskommunane til dømes tilby vidaregåande opplæring som fjernundervisning, eventuelt i samarbeid med ulike studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar, som kveldskurs i regi av ressurscenter eller ved bruk av private tilbydarar. Fylkeskommunen har ansvaret for at tilboda er i samsvar med lov, forskrift og læreplanar, at dei held tilfredsstillande kvalitet og at deltakarane får dokumentert opplæringa.

Departementet foreslo dette i høringsutkastet:

Den lovfesta retten til vidaregåande opplæring for vaksne utan vidaregåande opplæring fødde før 1978 skal avgrensast til talet på vaksne i vidaregåande opplæring skoleåret 1998-99 med eit tillegg tilsvarande 5000 heilårselevar. Fylkeskommunen har oppfylt sine plikter sjølv om det totale nivået er lågare enn dette, dersom alle med rett til vidaregåande opplæring har fått plass.

Dei vaksne skal ha rett til inntak anten til eitt av tre prioriterte grunnkurs i vidaregåande skole, til det høgast prioriterte valet som fjernundervisning dersom dette er tilgjengeleg, eller førerrett i forhold til andre vaksne på sitt høgast prioriterte val året etter.

Retten kan oppfyllest med meir skreddarsyddde og rimelege løysingar enn vanleg skoleplass.

2.2.1.3 Høringsinstansane

Høringsinstansane er generelt positive til å lovfeste rett til vidaregåande opplæring for vaksne. Dei fleste nemner at det er særleg viktig at opplæringa blir fleksibelt organisert og tilpassa dei behov den enkelte vaksne har.

Fylkeskommunane peiker på at staten må kompensere auka kostnader og at kostnadsoverslaga i høringsutkastet er for låge. Åtte fylkeskommunar presiserer at det er ein føresetnad at retten for vaksne byggjer på ei vurdering av realkompetansen og at det er nødvendig med særskilt rådgiving. LO, AOF, lærarorganisasjonane og somme opplæringsråd går imot at det blir sett grense for talet på plassar sidan dette kan avgrense retten for den enkelte.

Fleire av høringsinstansane, mellom andre fleire av fylkeskommunane, peiker på at ein må finne ein fleksibel oppstart for retten eller at ein treng lengre førebuingstid, og at retten derfor ikkje bør tre i kraft før i 2001.

Det er stilt ein del spørsmål omkring forhold som ikkje er avklarte i lovforslaget, mellom anna om presisering av kven retten skal gjelde, kva rett dei vaksne får til elevstatus, om vurdering og vitnemål og pliktene til fylkeskommunen når dei bruker studieforbund og andre.

2.2.1.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Talet på vaksne i vidaregåande opplæring har stadig gått ned frå 1. november 1994 og fram til i dag. Antall vaksne elevar i vidaregåande opplæring gikk ned frå 22.400 per 1. november 1996 til 19.500 per 1. november 1998, og ytterlegare ned med 2800 elevar til 16.700 per 1. november 1999. Blant anna på denne bakgrunn legg departementet fram eit forslag om lovfesta rett til vidaregåande opplæring for vaksne som ikkje tidlegare har vore omfatta av retten etter Reform 94. Den lovfesta retten til vidaregåande opplæring for vaksne skal vere ein individuell rett. Som eit estimat over omfanget legg departementet til grunn at talet på vaksne i vidaregåande opplæring vil auke med 5000 heilårselevar. For at retten skal bli interessant og reell for vaksne, bør dei få tilbod om opplæring som er spesielt organisert og lagd til rette. Dette hindrar ikkje at fylkeskommunen kan tilby plass i ordinær vidaregåande opplæring på same vilkår som for ungdom. Departementet foreslår å samle rettane for vaksne i eit nytt kapittel, og vil samstundes presisere at for vaksne som er tekne inn som elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, gjeld dei same reglane som for andre elevar og lærlingar.

I høringsutkastet var det sagt at vaksne skal ha rett til inntak til eitt av tre prioriterte grunnkurs, jf. pkt. 2.2.1.2 nest siste avsnitt. På bakgrunn av at ein har endra lovforslaget i forhold til høringsutkastet, frå å gi rett til inntak innanfor ei fastsatt ramme til individuell rett, vil departementet fastsetje nærmare regler om inntak og rangering i forskrift. Dette gjeld også søkjarar med rett etter opplæringslova § 3-1.

Departementet er klar over at dei som er fødde i eller etter 1978 og ikkje har fullført vidaregåande opplæring, ikkje vil få dei same rettane som dei som er fødde før 1. januar 1978. Departementet vurderer det likevel slik at det er særleg viktig at dei som aldri har hatt lovfesta rett til vidaregåande opplæring, no får ein slik rett.

Forslaget gir heimel for departementet til å gi nærmare reglar i forskrift om retten, mellom anna om inntak, vurdering, dokumentasjon m.m. I arbeidet med forskrifta vil ein vurdere spørsmål om elevstatus og standpunkt karakter for vaksne som får vidaregåande opplæring til dømes i regi av studieforbunda eller som fjernundervisning. Det blir i denne samanheng vist til Innst. S. nr. 12 (1999-2000) til St. prp. nr. 1, der fleirtallet i kyrkje-, utdannings- og forskingskomitèen uttalte «at kursdeltakere som gjennomfører et fastlagt opplegg bør

kunne få standpunktkarakter av faglærer og gå opp til eksamen på samme måte som ordinære elever med elevstatus». Ein vil i tillegg regulere spørsmål omkring vurdering av realkompetanse og om individuell rådgiving for vaksne.

Retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 er knytt til tidspunktet for fullført grunnskole. Enkelte fullfører grunnskolen seinare enn det vanlege. Dette kan til dømes gjelde innvandrarakar (flyktingar og asylsøkjarakar) i alderen 16-20 år som manglar eller har mangelfull grunnskole frå heimlandet, eller som kjem til landet så seint i opplæringspliktig alder at dei ikkje kan seiast å ha fullført norsk grunnskole. Desse får i dag tilbod om eksamensretta grunnskoleopplæring finansiert av staten gjennom særtilskott.

Denne ordninga vil no bli omfatta av forslaget om rett til grunnskoleopplæring for vaksne, jf. § 4A-1.

Bakgrunnen for tilskottsordninga til eksamensretta grunnskoleopplæring var at innvandrardom i alderen 16-20 år skulle få eksamen på grunnskolenivå og dermed høve til å nytte retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1. Departementet gjer merksam på at denne elevgruppa, og eventuelt andre som fullfører grunnskolen seinare enn vanleg, har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1.

2.2.2 Rett for vaksne til å fullføre opplæringsløpet

2.2.2.1 Gjeldande rett

Etter gjeldande reglar har ikkje vaksne som blir tekne inn til vidaregåande opplæring, nokon lovfesta rett til å fullføre opplæringsløpet fram til full kompetanse. Vaksne kan derfor bli tekne inn til eit opplæringsløp det ikkje blir mogleg å fullføre.

2.2.2.2 Høringsutkastet frå departementet

I St.meld. nr. 32 (1998-99) gjekk departementet inn for at vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, skal ha lovfesta rett til å halde fram i eit treårig løp. I Innst. S. nr. 246 (1998-99) slutta Stortinget seg til dette. Det er understreka at å ha tryggleik for å kunne fullføre eit påbegynt opplæringsløp, er ein viktig motivasjonsfaktor.

På denne bakgrunnen foreslo departementet å endre opplæringslova slik at vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, får rett til å fullføre eit treårig løp.

Forslaget om lovfesta rett til å fullføre opplæringsløpet gjeld alle vaksne. Sett i forhold til forslaget i punkt 2.2.1.4 vil forslaget her ha sjølvstendig verknad for vaksne som er fødde i eller etter 1978 og som anten ikkje har fullført, eller av andre grunnar ikkje ser seg ferdige med vidaregåande opplæring, og som derfor søker om inntak til vidaregåande opplæring som vaksne.

2.2.2.3 Høringsinstansane

Ingen av høringsinstansane har uttalt seg negativt til forslaget. Høringsinstansane er generelt positive til å lovfeste at vaksne skal ha rett til å fullføre eit treårig opplæringsløp når dei først er tekne inn til vidaregåande opplæring.

Fleire av arbeidstakarorganisasjonane støttar forslaget, mellom andre *Norsk Lærarlag*, *YS* og *NHO*.

Vidare er *Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt* og *Norsk forbund for fjernundervisning* positive til forslaget. *Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt* peiker på at vaksne fødte i eller etter 1978 vil falle utanfor retten til vidaregåande opplæring for vaksne, og at det derfor er viktig å sikre denne gruppa rett til å fullføre eit opplæringsløp.

2.2.2.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Forslaget om at vaksne skal ha rett til å fullføre eit treårig opplæringsløp når dei først er tekne inn til vidaregåande opplæring, vil få sjølvstendig verknad for vaksne som er fødte i eller etter 1978 og som ikkje har fullført opplæringsløpet. Departementet ser det som særleg viktig å sikre denne gruppa vaksne rett til å fullføre eit opplæringsløp, sidan dei ikkje er omfatta av forslaget om rett for vaksne til vidaregåande opplæring i pkt. 2.2.1.4. For å få rett til å fullføre eit utdanningsløp som vaksen, er det ein føresetnad at ein også har søkt inntak som vaksen. Ein viser til at ramma for ungdomsretten er avgrensa til seks år etter forslaget i denne proposisjonen.

På denne bakgrunnen vil departementet gjere framlegg om lovfesta rett for vaksne til å fullføre eit opplæringsløp når dei først er tekne inn til vidaregåande opplæring. Ordlyden er endra i forhold til høringsutkastet. For å presisere at vaksne også skal ha rett til å fullføre opplæringa i fag med opplæring som strekkjer seg utover tre år, foreslår departementet å lovfeste dette.

2.2.3 Spesialundervisning for vaksne i vidaregåande opplæring

2.2.3.1 Gjeldande rett

I dag har vaksne som blir tekne inn til vanleg vidaregåande opplæring, rett til spesialundervisning etter kap. 5 i opplæringslova. Denne retten omfattar ikkje vaksne som går i løp spesielt organiserte for vaksne, jf. opplæringslova § 1-1 tredje leddet.

2.2.3.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet foreslo departementet å føre denne regelen vidare. Det vil seie at vaksne som tek ut retten gjennom tilbod spesielt organiserte for vaksne, jf. pkt. 2.2.1, ikkje skal ha rett til spesialundervisning etter føresegnene i opplæringslova kap. 5.

2.2.3.3 Høringsinstansane

Fleire, deriblant *Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt*, *Statens ressurs- og vaksenopplæringsssenter* og *Universitetet i Oslo*, meiner at vaksne bør ha rett til spesialundervisning også innanfor tilbod som er særskilt organiserte for vaksne.

2.2.3.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet er samd i at også vaksne som går på kurs som er særskilt tilrettelagde for denne gruppa, kan ha behov for spesialundervisning. Når depar-

tementet ikkje går inn for å lovfeste dette, er det grunnlagt ut frå både praktiske og økonomiske forhold. Departementet viser også til at opplæringa skal vere tilpassa dei behov den enkelte vaksne har.

På denne bakgrunnen held departementet fast ved framlegget i høringsutkastet.

2.2.4 Omfangsforskrifta

Med heimel i opplæringslova har departementet fastsett reglar med krav til omfanget av den fylkeskommunale vidaregåande opplæringa. Desse reglane stod tidlegare i ei eiga forskrift som vart kalla omfangsforskrifta. Siktemålet med reglane var å sikre at fylkeskommunane også gav tilbod om vidaregåande opplæring utover den lovfesta retten. Dei med rett skulle få høve til å gjere omval, og dei med sakkunnig erklæring som har behov for opplæring i meir enn tre år, skulle kunne få inntil fem år. Reglane skulle også syte for at vaksne skulle kunne få tilbod om vidaregåande opplæring. I praksis har fylkeskommunane ikkje oppfylt kravet til omfang. Da reglane vart sette i kraft, var omfanget samla sett over kravet på minimum 375 prosent av eit gjennomsnittleg årskull 16- til 18- åringar.

Lovforslaget her har eigne reglar om rett til omval, rett til opplæring i inntil fem år etter sakkunnig erklæring og rett til vidaregåande opplæring for vaksne etter nærmare reglar. Lovforslaget vil derfor sikre dei omsyna som låg til grunn for dei no gjeldande reglane om omfang. Behovet for desse reglane vil derfor i hovudsak falle bort når lovendringane trer i kraft. Departementet vil oppheve dagens reglar om omfang frå same tidspunkt.

2.3 Skyss for vaksne

2.3.1 Gjeldande rett

Vaksne som i dag har rett til grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 5-2, har rett til skyss, innlosjering, reisefølge og tilsyn på same vilkår som elevar i opplæringspliktig alder.

Vaksne som er tekne inn til vanleg vidaregåande opplæring, har rett til gratis skyss på linje med andre elevar, medan vaksne som er tatt inn til vidaregåande opplæring særskilt tilrettelagd for vaksne, ikkje har rett til skyss.

2.3.2 Høringsutkastet frå departementet

Etter høringsutkastet har vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring. Vidare har vaksne som har behov for det på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade, rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring. Når dagleg skyss ikkje er forsvarleg, skal kommunen sørgje for innlosjering, og dersom det er nødvendig, skal kommunen også sørgje for tilsyn m.m. i slike tilfelle. I det vesentlege inneber forslaget at rettane til skyss m.m. for vaksne blir førte vidare, men den nye og utvida gruppa som fell inn under retten til grunnskoleopplæring for vaksne, vil ikkje få rett til skyss m.m. etter forslaget. For den nye og utvida gruppa vil behovet for skyss ikkje gjere seg gjeldande med same styrke som for vaksne med særlege behov for skyss på grunn av mellom anna funksjonshemmingar.

Når det gjeld vidaregåande opplæring for vaksne, legg ikkje høringsutkastet opp til endringar i forhold til det som følgjer av dagens regelverk.

2.3.3 Høringsinstansane

Få høringsinstansar har uttalt seg om spørsmålet. Dei som har uttalt seg, er i hovudsak positive. Enkelte kommunar er negative til forslaget.

Somme høringsinstansar foreslår at den noverande skyssgrensa for vaksne blir endra frå fire til seks kilometer.

2.3.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet.

2.4 Krav til kompetanse for undervisningspersonale i kurs som er særskilt tilrettelagde for vaksne

2.4.1 Gjeldande rett

Fram til opplæringslova vart sett i verk, var det lov om voksenopplæring som regulerte krava til kompetanse. Etter § 8 kunne «ansvarlige myndigheter for offentlige utdanningsinstitusjoner vedta at godkjente organisasjoner skal kunne organisere studietilbud som ellers etter denne lov er tillagt vedkommende utdanningsinstitusjon». Dette gav kommunar og fylkeskommunar høve til å be studieforbund arrangere grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne. § 9 i same lova regulerte krava til kompetanse og gav departementet heimel til å gi forskrift. Dette er gjort i forskrift av 24. august 1981 nr. 4942.

Etter denne forskrifta skulle dei krava som tidlegare var fastsette i lov 8. juni 1973 nr. 49 om lærarutdanning, til vanleg gjelde for opplæring arrangert etter lov om voksenopplæring § 8. Dei som kunne dokumentere særskilde kvalifikasjonar for voksenopplæring i eitt eller fleire emne, kunne få godkjenning som kvalifisert lærar innanfor eit nærmare fastsett fagområde.

Nogjeldande reglar finn ein i opplæringslova § 10-1 om kompetansekrav for undervisningspersonell. Her er det fastsett at den som skal tilsetjast i undervisningsstilling i grunnskolen eller i den vidaregåande skolen, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse. Nærmare reglar er fastsette i kap. 14 i forskrifta til opplæringslova.

2.4.2 Høringsutkastet frå departementet

Departementet foreslo i høringsutkastet om kompetansekrav for undervisningspersonell at også personar utan formell fagleg og pedagogisk kompetanse, men med tilsvarande realkompetanse, skulle kunne tilsetjast.

Dette forslaget er langt på veg ei gjeninnføring av ordninga frå før opplæringslova vart sett i verk.

2.4.3 Høringsinstansane

Dei fleste høringsinstansane er positive til forslaget om å lovfeste høve til å tilsetje lærarar med realkompetanse i kurs som er særskilt tilrettelagde for

vaksne. Dei som uttaler seg negativt til lovforslaget, er lærarorganisasjonane, høgskolane og somme fylkeskommunar. Studieforbunda er svært positive.

2.4.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Det er i dag mange utan formell kompetanse som har lang røynsle med å undervise vaksne. Slik røynsle kan i mange tilfelle gi fullgod kompetanse. Departementet meiner at det er viktig å kunne behalde desse ressursane i kurs som er tilrettelagde for vaksne. På denne bakgrunnen går departementet inn for at forslaget blir ståande.

2.5 Ansvarsføresegner

2.5.1 Gjeldande rett

Etter kap. 13 i opplæringslova har kommunen ansvaret for grunnskoleopplæringa og fylkeskommunen for den vidaregåande opplæringa. Fylkeskommunen har også ansvaret for grunnskoleopplæring i fylkeskommunale sosiale og medisinske institusjonar. Dette gjeld også opplæring for vaksne. Etter opplæringslova § 13-5 andre leddet har kommunen eller fylkeskommunen høve til å overlate gjennomføringa av opplæringa til godkjende studieforbund.

2.5.2 Høringsutkastet frå departementet

Det er lagt opp til at dei alminnelege reglane om ansvars plassering etter kap. 13 i opplæringslova framleis skal gjelde. Departementet ønskjer likevel å opne for at kommunen og fylkeskommunen kan bruke den tilbydaren dei måtte ønskje så langt det gjeld opplæring for vaksne, men samtidig la kommunane og fylkeskommunane ha ansvaret for kvaliteten på tilbodet. Forslaget inneber såleis ei utviding i forhold til den ordninga som gjeld i dag, der berre godkjende studieforbund i tillegg til det kommunale og fylkeskommunale skoleverket kan drive grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne.

Etter forslaget skal kommunen og fylkeskommunen ha ansvaret for at vaksne som har gjennomgått opplæring, får dokumentert opplæringa. Kommunen og fylkeskommunen skal dessutan leggje til rette for at vaksne som får opplæring, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

2.5.3 Høringsinstansane

Problemstillinga er i liten grad omtalt av høringsinstansane. Nokre få er usamde i at kommunar og fylkeskommunar kan bruke andre tilbydarar enn dei som er regulerte av opplæringslova og vaksenopplæringslova.

2.5.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet.

2.6 Klage og tilsyn

2.6.1 Gjeldande rett

Alle enkeltvedtak om grunnskoleopplæring for vaksne etter § 5-2 i opplæringslova kan klagast til departementet (delegert til statens utdanningskontor). Når det gjeld vidaregåande opplæring for vaksne, kan det klagast til departementet på enkeltvedtak om inntak, spesialundervisning og tap av rett til vidaregåande opplæring.

Etter opplæringslova § 14-1 fører departementet (delegert til statens utdanningskontor) tilsyn med kommunane og fylkeskommunane, og kan mellom anna gi pålegg om å rette på forhold som er i strid med opplæringslova med forskrift.

2.6.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet blir det lagt opp til å føre vidare dagens klage- og tilsynsordning når det gjeld grunnskole og vidaregåande opplæring for vaksne, og da slik at ordninga omfattar opplæring etter det nye kapitlet det er foreslått å ta inn i lova. I og med at ein har opna for større fleksibilitet når det gjeld å overlata til andre instansar å stå for opplæringa i praksis, vil ein ha behov for tilsyn og kontroll for å sikre at opplæringa er i samsvar med regelverket.

2.6.3 Høringsinstansane

Problemstillinga er i liten grad omtalt av høringsinstansane.

2.6.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet. Ein visar også til pkt. 3.1.4 siste avsnitt, der klage over avgjerd etter § 3-1 femte leddet foreslås lagt til departementet.

3 Forslag om endringar i opplæringslova på bakgrunn av St.meld. nr. 32 (1998-1999) Videregående opplæring

3.1 Rett til vidaregåande opplæring i inntil fem år etter sakkunning vurdering

3.1.1 Gjeldande rett

Elevar med rett til spesialundervisning etter kap. 5 i opplæringslova skal etter opplæringslova § 3-1 fjerde leddet så langt som mogleg få vidaregåande opplæring i to år i tillegg til dei tre lovfesta åra med slik opplæring. Elevane har ingen individuell rett til utvida opplæringstid; det er fylkeskommunen som avgjer om ein elev etter søknad skal få tilbod om det, og fylkeskommunen kan mellom anna ta omsyn til økonomiske forhold i avgjerda.

Retten til utvida opplæringstid vart innført da lov om vidaregåande opplæring vart endra ved innføringa av Reform 94, og vart ført vidare i opplæringslova. Grunngevinga for regelen var mellom anna at elevar med særlege behov ikkje sjeldan vil trenge noko lengre tid enn andre elevar, og at eit opplærings-tilbod utover normert tid vil kunne gjere at eleven står betre rusta til yrkesliv eller vidare utdanning.

3.1.2 Høringsutkastet frå departementet

I St.meld. nr. 32 (1998-99) om vidaregåande opplæring blir det peikt på at fylkeskommunane praktiserer retten til spesialundervisning svært ulikt. Den ulike praksisen gjeld også vedtak om opplæringstid utover tre år. Slike forskjellar er ikkje i samsvar med prinsippet om likeverdige opplæringstilbod.

Departementet uttalte i stortingsmeldinga om vidaregåande opplæring at det er viktig å sikre denne gruppa elevar høve til utvida opplæringstid dersom sakkunnig vurdering tilseier det. Evalueringa av reforma viser at dersom desse elevane får utvida opplæringstid, vil sjansane deira for å nå høgare mål i opplæringa vere atskillig større. Det er dessutan viktig å få mest mogleg lik praksis i fylkeskommunane ved å fjerne den forskjellsbehandlinga som regelen i dag opnar for.

I høringsutkastet peikte departementet på at det er viktig å sikre denne gruppa elevar dei nødvendige rettane, og samstundes sikre mest mogleg lik praksis frå fylkeskommune til fylkeskommune. Departementet foreslo på denne bakgrunnen å lovfeste ein individuell rett til inntil to års utvida opplæringstid. Vilkåra for å få rett til utvida opplæringstid skal etter forslaget vere at eleven har rett til spesialundervisning. Det må også liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har, før vedtak om utvida opplærinstid blir fatta.

3.1.3 Høringsinstansane

Alle fylkeskommunane har uttalt seg positivt til forslaget, men presiserer også at forslaget vil føre til meirkostnader som staten må dekkje. Praksis har vore ulik i fylkeskommunane, og dei fylkeskommunane som ikkje har gitt utvida opplæring, vil få auka kostnader. KSog alle fylkeskommunane gir klart uttrykk for at vilkåra for å få den utvida retten må være klart presiserte. Dei meiner det bør vere ein føresetnad at det er fastsett ein opplæringsplan som inneheld eit klart mål for eleven eller lære kandidaten, og at opplæringa må være meningsfull for han eller henne. Dette er viktig for å unngå at utvida opplæring blir ei erstatning for andre tilbod til ungdom det er vanskeleg å finne høvelege tilbod til. *Statens utdanningskontor i Hedmark, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal, og Fagleg eining for PPT i Hedmark*, peiker på at staten bør vere klageinstans for enkeltvedtak om utvida opplæringstid.

3.1.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Formålet med å gi utvida rett til opplæring må vere at elevar som treng meir opplæring for å nå måla sine, skal få rett til det. Det må vere ein føresetnad at eleven både treng og har utbytte av meir opplæring for å kunne oppnå kompetanse på eit høgare nivå enn det som er mogleg innanfor treårsretten. Elevar som får spesialundervisning, har i utgangspunktet rett til same undervisningstimal som andre elevar. Føresetnaden er derfor at den utvida retten er heiltids opplæring inntil to ekstra år. Dersom opplæringstida blir strekt ut over fleire år, men eleven ikkje får meir samla opplæring enn det som følgjer av reglane for normal opplæringstid i studieretninga, har eleven i røynda ikkje fått nokon utvida rett.

På bakgrunn av ønsket om klare vilkår for utvida rett, legg departementet inn ei slik presisering i forslaget til lovtekst.

Retten til utvida tid må også gjelde for dei som får opplæring etter § 3-10 om rett til punktskrift. Grunngivinga for å gi denne gruppa rett til utvida tid utan krav om å oppfylle vilkåra for spesialundervisning, er at gruppa blinde og svaksynte vil trenge tid til å orientere seg og ta seg fram i skolesituasjonen. Departementet vil komme tilbake til fordelinga av tilleggstimane i forskrift.

Sjølv om spørsmålet om klageinstans for vedtak om inntil to ekstra opplæringsår ikkje er omtalt i høringsutkastet, blir det likevel teke opp her. Etter opplæringslova § 15-2 er det departementet som er klageinstans for vedtak om inntak til vidaregåande opplæring og vedtak om spesialundervisning. Dette myndet er delegert til statens utdanningskontor. Fylkeskommunen er etter gjeldande reglar klageinstans for vedtak om utvida opplæringstid. Sidan det er eit vilkår for å få utvida opplæringstid at eleven har rett til spesialundervisning, vil det også vere naturleg å ha same klageinstans for vedtak om spesialundervisning og vedtak om utvida opplæringstid. På denne bakgrunn gjer departementet framlegg om at departementet blir klageinstans, slik at statens utdanningskontor kan vere klageinstans også for vedtak om utvida opplæringstid, sjå elles pkt 2.6.

3.2 Rett til eitt ekstra opplæringsår ved omval

3.2.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 3-1 første leddet første punktum har ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, rett til tre års heiltids opplæring. Opplæringsretten vart innført med Reform 94 og var tidlegare heimla i lov om vidaregåande opplæring.

Elevar kan etter gjeldande rett bruke av retten sin til å velje om. Dersom dei faktisk vel om, kan dei risikere å bruke opp retten før dei har fullført eit tre-årig opplæringsløp.

I praksis let fylkeskommunane stort sett dei elevane som vel om, få fullføre opplæringa, men elevane har ingen formell rett til dette.

3.2.2 Høringsutkastet frå departementet

I Innst. O. nr. 70 (1997-98) til Ot.prp. nr. 46 (1997-98) om opplæringslova uttalte kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen mellom anna:

«Komiteen ber om at Regjeringen i forbindelse med evalueringen av Reform 94 tar initiativ til at skoleretten kan gjelde ut over dagens 4-års grense, slik at en oppnår større fleksibilitet for elevene med mulighet for omvalg.»

Høvet til omval vart drøfta i St.meld. nr. 32 (1998-99). Her vart det peikt på at avgrensinga av opplæringsretten til tre år mellom anna kan føre til at elevane er tilbakehaldne når det gjeld utradisjonelle val av studieretning. Det vart vist til at somme fylkeskommunar har prøvd å motverke dette ved å tilby elevar som vel utradisjonelt, eitt år ekstra, eller ved å sikre elevar formell rett til å gjennomføre allmennfagleg påbygging etter fullført fagopplæring.

I meldinga gjekk departementet inn for å endre føresegna, slik at rettselevar som gjer eitt omval, også får rett til inntil eitt opplæringsår ekstra.

I Innst. S. nr. 246 (1998-99) uttalte komiteen (s. 17) at det er av stor verdi at elevane får rett til omval og rett til å fullføre det løpet dei har starta på. Under behandlinga av meldinga 6. oktober 1999 slutta Stortinget seg til dette. På denne bakgrunnen foreslo departementet i høringsutkastet å endre opplæringslova slik at rettselevar som gjer eitt omval, får rett til å bruke inntil eitt opplæringsår ekstra. Omval skal kunne gjerast på alle trinn i opplæringsløpet der det er mogleg - både innanfor og utanfor studieretninga.

Retten vart foreslått utvida med eitt år, same kva trinn det blir valt om frå. Det vil til dømes seie at ein elev som er ferdig med VKI og som vel eit nytt VKI kurs, får fullført opplæringa innanfor ramma av retten. Føresetnaden for å få fullført opplæringa innanfor ramma av retten dersom ein vel om, er at ein vel om på same nivå. Ein elev som er ferdig med VKI og som vel eitt nytt grunnkurs, får dermed ikkje fullført opplæringa innanfor ramma av retten.

3.2.3 Høringsinstansane

13 av dei 15 fylkeskommunane som har uttalt seg om høringsutkastet, støttar forslaget.

Fleire av fylkeskommunane peiker på at det vil føre til auka kostnader, og set som krav at staten dekkjer meirutgiftene.

Mange fylkeskommunar kommenterer også tidspunktet for iverksetjing. Dei meiner forslaget ikkje kan setjast i verk før økonomien er på plass, og nemner 01.08.01. *Kommunenes Sentralforbund* støttar forslaget om eit ekstra år ved omval. *Likestillingssenteret* seier bl.a.:

«Norge har et svært kjønnsdelt arbeids- og utdanningsmønster. For å bryte opp dette må det etableres ordninger som stimulerer elever til å velge utdanning på tvers av tradisjonelle kjønnskiller. Det er svært uheldig om unge gutter og jenter lar være å velge utradisjonelle utdanningsløp i frykt for å bruke opp retten til vidaregåande opplæring, om det skulle vise seg at de angrep på dette valget.»

Somme av høringsinstansane, mellom andre tre opplæringsråd, meiner at det bør vere mogleg med to ekstra år ved omval, slik at ein skal kunne starte på eit nytt grunnkurs etter å ha gjennomgått eit VK I.

3.2.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Det har vore ei målsetjing for departementet å komme fram til ei opplæringsordning med større fleksibilitet for elevane ved å gi høve til omval.

Ordninga i dag reduserer talet på unødvendige omval og sikrar god gjennomstrøyming. Men for enkelte elevar kan omval vere nødvendig. Høvet til å velje om kan stimulere fleire unge til å velje meir utradisjonelt, på tvers av mellom anna kjønnskilje. Forskarane meiner at ei av årsakene til kjønnsdelte val kan vere at elevane ikkje torer søkje utradisjonelt av frykt for å bruke opp retten før opplæringsløpet er fullført.

Med rett til inntil eitt ekstra opplæringsår ved omval vil elevane lettare tore å ta eit utradisjonelt val.

Dei aller fleste som har uttalt seg i høringsrunden, har støtta forslaget.

Departementet vil derfor gjere ei endring i § 3-1 nytt fjerde ledd i høringsutkastet, slik at ein rett utan vilkår til inntil eitt ekstra opplæringsår ved omval kjem klart fram.

3.3 Rett til opplæring i den tida som er nødvendig etter læreplanen

3.3.1 Gjeldande rett

Opplæringsstrukturen vart lovfesta med Reform 94, og ført vidare i opplæringslova § 3-3 andre og tredje leddet. Tredje leddet har reglar om normalstrukturen 2+2 (to år i skole pluss to år i bedrift) for fag som har opplæring i bedrift. Opplæringstida vil i desse tilfella liggje innanfor dei tre åra ein har rett til vidaregåande opplæring (to år med opplæring i skole pluss eitt år med opplæring i bedrift. Det andre året i bedrift er eit verdiskapingsår). Somme fag har likevel ein annan opplæringsstruktur. Enkelte slike fag, såkalla avviksfag, har etter læreplanen for faget tre år med opplæring i skole før læretida i bedrift. Med verdiskapingstida i tillegg er det dermed opna for at den samla opplæringstida for avviksfaga kan bli lengre enn det som følgjer av normalstrukturen, og dermed vil opplæringa vare lenger enn det som følgjer av treårsretten til vidaregåande opplæring.

For somme fag, for eksempel flyfaga, blir det stilt særskilde internasjonale krav til opplæringa. Avvik frå den normale opplæringsordninga har verka i fleire år utan noka klar lovforankring. I Ot.prp. nr. 78 (1998-99) foreslo depar-

tementet å endre opplæringslova slik at departementet kunne få heimel for å gjere avvik frå opplæringsstrukturen på grunn av høge teorikrav og/eller sertifiseringskrav som gjer at fagarbeidarkompetansen må liggje på eit høgare nivå enn det normalstrukturen etter opplæringslova § 3-3 tredje ledd kan dekkje.

I Innst. O. nr. 92 (1998-99) slutta Stortinget seg til forslaget frå departementet. Lovendringa vart sett i kraft 17. september 1999.

Etter lovendringa gir opplæringslova § 3-3 sjette leddet departementet heimel for å fastsetje opplæringsordningar som vik av frå den normale. Etter gjeldande reglar i opplæringslova har ungdom likevel ikkje rett til opplæring utover den alminnelege treårsretten sjølv om dei vel opplæring i fag som vik av frå normalmodellen.

3.3.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet påpeikte departementet at det til no ikkje har vore noko stort problem i fylkeskommunane at elevane ikkje formelt har hatt rett til å fullføre eit vidaregåande opplæringsløp som strekkjer seg utover tre år. Ungdommane har i praksis fått den tida dei treng. Sidan denne praksisen også er i samsvar med intensjonen i lova, foreslo departementet ei lovendring som inneber at elevane får rett til å fullføre vidaregåande opplæring som etter læreplanen varer lenger enn tre år.

3.3.3 Høringsinstansane

Dei høringsinstansane som har uttalt seg støttar forslaget om rett til vidaregåande opplæring i den tid som er nødvendig etter læreplanen. Fleire peiker på at denne retten også må gjelde for vaksne.

3.3.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet er einig i at retten til opplæring i den tid som er nødvendig etter læreplanen, også bør gjelde for vaksne.

Departementet vil på denne bakgrunnen fremje forslag til endring i lova slik at alle som har rett til vidaregåande opplæring, får rett til opplæring i den tida som er nødvendig etter læreplanen.

3.4 Utvida uttaksramme

3.4.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 3-1 tredje leddet første punktum må heile opplæringsretten normalt takast ut innan fire år etter at grunnskolen er fullført, og innan fem år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift. Føresegna om uttak av retten vart innført med Reform 94 og var tidlegare heimla i lov om vidaregåande opplæring.

Etter opplæringslova § 3-1 tredje leddet andre punktum kan fylkeskommunen «etter søknad gi eleven eller lærlingen løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt». Denne føresegna slår fast det som indirekte følgde av den tidlegare lov om vidaregåande opplæring § 8 første leddet andre punktum om at retten normalt måtte takast ut innan fire eller fem år.

3.4.2 Høringsutkastet frå departementet

Lengda på uttaksramma vart teken opp i St.meld. nr. 32 (1998-1999). Her blir det vist til at det i høringsrunden i samband med evalueringa av Reform 94 vart hevda at fleire ville greie å oppnå full studie- eller yrkeskompetanse ved å utvide uttaksramma. Denne tanken fekk støtte frå både forskarane, oppfølgingsgruppa og høringsinstansane.

I meldinga vurderte departementet ulike løysingsalternativ, og konkluderte med eit forslag om å utvide uttaksramma med eitt år, dvs. til fem (seks) år. Departementet la i si vurdering vekt på høvet til å utvikle modnad og motivasjon og dermed høvet til å nå fram til studie- eller yrkeskompetanse i løpet av rimeleg tid. Samtidig innebar forslaget at det framleis ville vere eit visst press på ungdommen til å begynne på og fullføre vidaregåande opplæring.

Komiteen sa seg i Innst. S. nr. 246 (1998-99) (s. 17) samd i at uttaksramma for retten blir utvida frå fire (fem) til fem (seks) år og viste til at det er behov for større fleksibilitet. Under behandlinga av stortingsmeldinga 6. oktober 1999 slutta Stortinget seg til dette. På denne bakgrunnen foreslo departementet i høringsutkastet å endre opplæringslova slik at uttaksramma blir utvida med eitt år. Det skal gjelde elevar på alle nivå, dvs. grunnkurs, vidaregåande kurs I og vidaregåande kurs II.

3.4.3 Høringsinstansane

Nesten alle høringsinstansane som har uttalt seg, er positive til forslaget. Alle dei 12 fylkeskommunane som har kommentert forslaget, støttar det, men fleire viser til auka kostnader. *Elevorganisasjonen* foreslår utviding til to år. Elevane bør få eit slingringsmonn når det gjeld tid, slik at dei ikkje opplever tidspress frå uttaksramma.

Dei opplæringsråda som har uttalt seg om forslaget, støttar det.

3.4.4 Vurdering og framlegg frå departementet

I samband med evalueringa av Reform 94 kom det fram at med utvida uttaksramme ville fleire greie å oppnå full studie- eller yrkeskompetanse. Om uttaksramma blir utvida med eitt år, vil det framleis vere eit visst press for å begynne på og fullføre vidaregåande opplæring, samstundes som det vil vere større sjansar for å nå fram til studie- eller yrkeskompetanse.

På dette grunnlaget held departementet fast ved framlegget i høringsnotatet om at uttaksramma for retten blir utvida med eitt år.

3.5 Rett til å teikne opplæringskontrakt i fag som har læretid i bedrift, med sikte mot kompetanse på lågare nivå

3.5.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 4-1 må ein ungdom som vil ha lærekontrakt, ha fagprøve eller sveineprøve som mål. Etter dagens regelverk kan såleis ein ungdom ikkje teikne lærekontrakt innanfor fagopplæringa om han eller ho ikkje siktar mot full kompetanse.

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det vanlege opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. Opplæringstilbo-

det skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven (§ 5-1). Kap. 5 i opplæringslova gjeld elevar, ikkje lærlingar.

Opplæringslova § 3-3 sjette leddet gir heimel for avvik frå opplæringsordninga for særleg lite skolemotiverte lærlingar og for lærlingar med særskilde behov. Fylkeskommunen kan samtykkje i at det blir fastsett avvik frå dei vanlege kontraktsvilkåra for personar som har avgrensa arbeidsevne på grunn av fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar. Læreplanmåla kan likevel ikkje reduserast. Lærlingar som teiknar lærekontrakt med heimel i desse reglane, skal vurderast på same måte og få same dokumentasjon som andre lærlingar.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har i forskrift til opplæringslova gitt reglar om unntak frå kravet om at teorien må vere bestått før den praktiske prøva kan haldast. Etter forskrifta kan ein elev eller lærling som ikkje har bestått inntil to av dei felles allmenne faga, på visse vilkår likevel få fag- eller sveinebrev.

Prosjekt delkompetanse

Departementet oppnemnde i januar 1994 eit utval for å greie ut omgrepet delkompetanse i høve til vidaregåande opplæring og vaksenopplæring. Utgreiingsarbeidet skulle først og fremst gjelde yrkesfaga. Utvalet, der partane i arbeidslivet var representerte, leverte utgreinga i september 1994.

Med bakgrunn i utgreinga sette departementet hausten 1995 i gang eit treårig prosjekt, Prosjekt delkompetanse, i fire, seinare fem, fylkeskommunar. Prosjektet gjaldt elevar, ikkje lærlingar, i vidaregåande opplæring. Intensjonen var å vinne erfaring med modellar for organisatorisk og pedagogisk tilrettelegging av opplæringa for elevar som arbeider med delkompetanse som mål.

Innanfor dette prosjekt utvikla Akershus ein modell der dei elevane som sikta mot delkompetanse, fekk ein opplæringskontrakt. Dei fekk den avsluttande opplæringa i bedrift med status som elevar. Fylkeskommunen gav tilskott til bedrifta slik som for lærlingar. Ei undersøking viste at det var stor evne og vilje i bedriftene til å gi desse elevane opplæring. Bedriftene ønskte også å tilsetje elevane etter avslutta opplæring.

Prosjektet vart avslutta hausten 1998 og har synleggjort fleire problemstillingar, mellom anna spørsmålet om delkompetanse i forhold til krava i den dågjeldande fagopplæringslova. I evalueringsrapporten frå Møreforskning går det fram at det er nødvendig å avklare den formelle statusen elevane skal ha i forhold til reglane om fagopplæring i arbeidslivet.

3.5.2 Høringsutkastet frå departementet

I St.meld. nr. 32 (1998-99) Videregående opplæring peiker departementet på at flest mogleg må stimulerast til å komme så langt som mogleg, helst heilt fram til full studie- eller yrkeskompetanse. For enkelte kan det likevel vere aktuelt å ha kompetanse på lågare nivå som mål for opplæringa, eit nivå som er individuelt tilpassa. Slik kompetanse kan ein oppnå gjennom eit planlagt opplæringsløp frå starten på vidaregåande opplæring, eller ved å endre ambisjonsnivået undervegs i opplæringsløpet. Det er viktig at opplæringa på eit sei-

nare tidspunkt kan byggjast ut til opplæring med full kompetanse, og at kontrakten kan endrast til lærekontrakt.

På denne bakgrunnen la departementet fram forslag om å endre opplæringslova slik at det skal vere mogleg å gjennomføre eit planlagt opplæringsløp i bedrift med dokumentert lågare kompetanse som mål.

I høringsutkastet gjorde departementet framlegg om at kontrakten med bedrifta skulle kallast opplæringskontrakt, og at nemninga på ein ungdom i slik opplæring skulle vere lærekandidat.

Forslaget fører til at lova må endrast ved at nemninga blir teken inn i teksten fleire stader der departementet foreslår at lærekandidatane skal ha dei same rettane som lærlingane.

Når ein ungdom siktar mot delkompetanse i eit fag, vil målet for opplæringa ikkje omfatte alle måla i læreplanen for faget. Utvalet av mål må ta utgangspunkt i læreplanen, i lærekandidaten sitt ønske om kva opplæringa skal føre fram til og i lærekandidaten sitt faglege nivå. Progresjonen i opplæringa må tilpassast lærekandidaten sine føresetnader. Det må bli arbeidd mot det høgste sluttnivået lærekandidaten kan meistre. På dette grunnlaget må fylkeskommunen fastsetje ein plan for opplæringa for kvar enkelt. Planen skal også utgjere grunnlaget for vurderinga av det lærekandidaten kan. Ein slik plan for opplæringa treng ikkje vere ein individuell opplæringsplan etter reglane om spesialundervisning i opplæringslova kapittel 5.

Den vurderingsforma som skal nyttast for lærekandidatane, må så langt råd er, vere lik vurderingsformene for lærlingar som tek sikte på full kompetanse. Vurderinga må vere systematisk, slik at ho kan medverke til å kvalitets sikre opplæringa, og dessutan fleksibel i forhold til arbeidsoppgåver og progresjon, slik at ho tek omsyn til dei individuelle behova lærekandidaten har. Vurderinga av lærekandidaten og den tilhørande dokumentasjonen skal gjere det mogleg å byggje ut delkompetanse til full yrkeskompetanse.

Lærekandidatane skal bli vurderte på grunnlag av dei læreplanmåla som er fastsette for dei. Vurdering undervegs er viktig for å fremje motivasjonen og korrigere opplæringa, slik at lærekandidaten kan nå dei fastsette måla.

Kap. 5 om spesialundervisning i opplæringslova gjeld i dag berre for elevar, ikkje for lærlingar. I medhald av regelen i opplæringslova § 4-2 skal lærlingen ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skole. Mange av lærekandidatane vil vere ungdommar med rett til spesialundervisning om dei hadde vore elevar. I høringsutkastet foreslo departementet derfor at lærekandidatane skulle vere omfatta av reglane om spesialundervisning i kap. 5 i opplæringslova så langt desse passar.

I høringsutkastet gjorde departementet ikkje framlegg om at dei særlege reglane som gjeld for klage over ikkje bestått fag- eller sveineprøve, også skal gjelde for prøva for lærekandidatane. Reglar for prøve og klage over ikkje bestått prøve vil bli fastsette i forskrift.

Lærlingar kjem ikkje inn under gjeldande reglar når det gjeld skyss, mellom anna fordi dei er arbeidstakarar i bedrift og får lønn. Det ville og bli ein vesentleg meirkostnad for fylkeskommunane om lærlingane fekk same rett som elevar når det gjeld skyss. Det er derimot rimeleg at lærekandidatane kjem inn under dei same reglane som lærlingar når det gjeld skyss.

3.5.3 Høringsinstansane

Høringsinstansane er generelt positive til forslaget om rett til å teikne lærekontrakt i fag som har læretid i bedrift, med sikte på delkompetanse. *Nord-Trøndelag fylkeskommune* støttar ikkje forslaget og uttaler mellom anna:

«Målgruppen for forslaget anses for å få et bedre pedagogisk tilpasset tilbud ved de muligheter som ligger i eksisterende opplæringslov. Dette bør gjøres ved at individuell opplæringsplan (IOP) utarbeides av videregående skole i samarbeid med bedrift. IOP vil da kunne danne grunnlag for opplæringskontrakt der personen under opplæringskontrakt har elevstatus.»

NHO er også i tvil om tidspunktet og om endringa er nødvendig, men uttaler likevel

«... at det på generelt plan kan være ønskelig med et opplæringsssystem som formaliserer opplæringen også for dem som gis opplæring som ikke fører frem til fullt fag- eller svennebrev.»

Fleire opplæringsråd, mellom desse *opplæringsrådet for naturbruksfag, opplæringsrådet for berg-, bygg- og anleggsgfag* og *opplæringsrådet for tekniske byggfag*, meiner at reglane om delkompetanse bør ha eit eige kapittel i opplæringslova, og at dei ikkje bør blandast saman med reglane for vanleg fagopplæring fram til fag- og sveineprøve.

Innvendingane mot framlegget går i all hovudsak på det språklege. Fleire høringsinstansar uttaler at nemninga «delkompetanse» ikkje kan brukast. *Lærarforbundet* uttaler at «den foreslåtte definisjon av omgrepet er uklar og opnar for fleire moglege tolkningar», og foreslår ei formulering som »... oppnådd kompetanse i ein eller fleire modular av eit fag etter nasjonale læreplanar, men ikkje alle modulane i faget». *LO*, *NHO*, *YS* og fleire opplæringsråd foreslår «modulbasert opplæring». *Aust-Agder fylkeskommune*, *Akershus fylkeskommune* og *KSpeiker* på at elevar med opplæring i bedrift bør få status som lærlingar også når målet er delkompetanse.

Mange, mellom andre fleire opplæringsråd, uttaler at det er viktig at ein ikkje bruker dei same nemningane som dei etablerte nemningane innan fagopplæringa om dei som skal få opplæring til lågare nivå .

Det er liten oppslutnad om dei alternative forslaga i høringsutkastet (spesialarbeidarkandidat, opplæringskandidat, fagassistent).

Mange høringsinstansar meiner at heller ikkje nemninga «lærekandidat» er dekkjande, men har ikkje alternative forslag. Det blir peikt på at det er for likt nemningane i den vanlege fagopplæringa. Enkelte, som *NHO*, peiker på at «kandidat» er ei feilaktig nemning idet ho fører tanken til andre nivå enn det her er tale om. *NHO* foreslår «bedriftselev», men er open for andre forslag. *Opplæringsrådet for tekstil- og konfeksjonsfag* foreslår «bedriftselev» eller «fagelev». *Opplæringsrådet for kjemi- og prosessfag* foreslår «opplæringsavtale.»

3.5.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet viser til at dei fleste høringsinstansane i hovudsak og innhald støttar departementet sitt forslag til lovendring. Forslaget inneber at det blir oppretta kontrakt med ei bedrift som ansvarleg.

Fleire av høringsinstansane har komme med innvendingar mot nemninga delkompetanse. Departementet er samd i at omgrepet «delkompetanse» er uklart, og foreslår på denne bakgrunnen å endre formuleringa til «kompetanse på lågare nivå».

Departementet er også klar over at det er komme innvendingar mot nemninga «lærekandidat». For å synleggjere at kontraktparten er ein bedrift, og inntil ein eventuelt kan finne eit betre alternativ, foreslår departementet likevel at «lærekandidat» blir brukt. Departementet foreslår på same bakgrunnen at kontrakten skal heite «opplæringskontrakt» og at kandidaten går opp til ei «kompetanseprøve».

Departementet føreset at retten til å teikne opplæringskontrakt ikkje berre skal gjelde for ungdom med rett til vidaregåande opplæring. Det skal ikkje vere formelle hindringar for at også vaksne kan teikne opplæringskontrakt med sikte på kompetanseprøve på lågare nivå enn full kompetanse. Ein skal likevel ikkje kunne ta denne forma for kompetanseprøve som praksiskandidat.

Departementet forslår at reglane om spesialundervisning i opplæringslova kap. 5 skal gjerast tilsvarende gjeldande for lærekandidatar. Om ein lærekandidat ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det vanlege opplæringstilbodet, har han eller ho rett til spesialundervisning. Lærekandidaten vil da ha krav på individuell opplæringsplan. Om ein lærekandidat ikkje fyller krava for spesialundervisning, skal han likevel ha ein plan for opplæringa, og tilpassa opplæring, men fell ikkje inn under reglane om spesialundervisning. Departementet vil derfor ta inn eit nytt fjerde ledd i § 4-2: «Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. For slik opplæring gjeld § 5-1, bortsett frå andre leddet siste setning, og §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarende.» Etter opplæringslova § 13-3 har fylkeskommunen plikt til å oppfylle retten til spesialundervisning for lærekandidatar. Lærebedrifter har plikt til å medverke.

3.6 Innføringskurs for minoritetsspråklege søkjarar

3.6.1 Gjeldande rett

Mange fylkeskommunar tilbyr innføringskurs for minoritetsspråklege søkjarar før dei startar den vanlege vidaregåande opplæringa. Det blir gitt tilskott til kurset gjennom tilskottsordninga til ekstra språkopplæring over statsbudsjettet kap. 0231 post 65. Nærmare retningslinjer for dette tilskottet blir gitt i årlege rundskriv frå departementet.

Det er ikkje fastsett sentrale retningslinjer for innføringskurset. Fylkeskommunane avgjer sjølve om kurset skal gjennomførast og bestemmer innhaldet. Dette fører naturleg nok til ulik praksis frå fylkeskommune til fylkeskommune.

Departementet har tidlegare gjort merksam på at innføringskurs som forkurs til grunnkurs ikkje skal inngå som del av retten til vidaregåande opplæring, jf. rundskriv F-103-94. Det viser seg likevel at praksis varierer. I somme tilfelle blir dette året rekna som forbruk av venteåret. I andre tilfelle blir innføringskurset rekna som ein del av retten til vidaregåande opplæring, med tilrettelagd opplæring utover tre år. Det rår såleis uklare forhold omkring innfø-

ringskurser; det gjeld både innhaldet og forholdet til retten til vidaregåande opplæring. Dette er også påpeikt gjennom evalueringa av den vidaregåande opplæringa.

I St.meld. nr. 32 (1998-99) gjekk departementet inn for å presisere lovforståinga slik at innføringskurset normalt ikkje skulle definerast som ein del av retten.

3.6.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet presiserte departementet at ungdom som får tilbod om innføringskurs, er fylkeskommunen sitt ansvar etter opplæringslova § 13-3. Dette er ungdom som fyller vilkåra for inntak til vidaregåande opplæring ved å ha fullført grunnskole eller tilsvarande, og som etter søknad har rett til vidaregåande opplæring.

Departementet la til grunn at innføringskurset framleis bør vere eit kurs som førebur søkjarane til inntak til ordinære grunnkurs, slik at søkjarane får ein reell sjanse til å gjennomføre eit yrkesfagleg eller allmennfagleg opplæringsløp etter at kurset er gjennomført.

Det vart opplyst at departementet var i gang med å utarbeide ein rammeplan for innføringskurs som vil gi retningslinjer for struktur, innhald og mål for desse kursa. Det er føresetnaden at rammene for innføringskurser er så fleksible at dei gir rom for nødvendige lokale tilpassingar.

Fylkeskommunen har ansvaret for den vidaregåande opplæringa etter inntak, og fylkeskommunen må sjølv avgjere tilretteleggingsforma. Innføringskurset er ein av fleire måtar å tilretteleggje opplæringa på for minoritetsspråklege elevar. Men når fylkeskommunen vel å tilby innføringskurs, meiner departementet at den sentralt gitte rammeplanen for kurset skal følgjast. Det vil sikre mest mogleg lik praksis.

I høringsutkastet la departementet til grunn at innføringskurset ikkje skal inngå som del av den opplæringa som er omfatta av den treårige retten til vidaregåande opplæring. Elevar på innføringskurs bruker heller ikkje av «vente-åra». Det vil seie at ein elev som har fullført innføringskurset, framleis vil ha dei same rettane til vidaregåande opplæring som alle andre som søker inntak til grunnkurs.

Departementet viste til rundskriv F-39-98, som gjeld tilskott til eksamensretta grunnskoleopplæring for innvandrere i alderen 16-20 år. Denne tilskottsordninga skal medverke til at innvandrere i alderen 16-20 år som har liten eller ingen skolegang frå heimlandet eller som kjem til landet så seint i opplæringspliktig alder at dei ikkje kan seiast å ha gjennomført grunnskolen, kan få eksamen på grunnskolenivå og dermed høve til å nytte retten til vidaregåande opplæring. I rundskrivet heiter det mellom anna: «Departementet vil presisere at eksamensretta grunnskoleopplæring for innvandrere i alderen 16-20 år ikkje kommer istedenfor innføringskurs. Innføringskurs forutsetter gjennomført norsk grunnskole eller tilsvarende.»

I høringsutkastet vart det vist til at opplæringslova § 3-1 tredje leddet tredje punktum gir departementet heimel for å gi forskrift om kva forhold som skal gi rett til utsetjing eller avbrot utan at opplæringsrett går tapt. Det vart lagt til grunn at når rammeplanen for innføringskurset er klar, vil departementet fastsetje i forskrift at søkjarar som får tilbod om innføringskurs, skal få utsett

opplæringsrett. Departementet meiner derfor at det ikkje er nødvendig at denne presiseringa av lovforståinga skal gå fram av opplæringslova, og vil ikkje foreslå endring i opplæringslova på dette punktet.

På denne bakgrunnen gjorde departementet framlegg om å forskriftsfeste at minoritetsspråklege som får tilbod om innføringskurs, ikkje bruker av opplæringsretten.

3.6.3 Høringsinstansane

24 høringsinstansar har uttalt seg om forslaget. Av desse støttar 16 instansar forslaget, mellom desse seks fylkeskommunar, *Kommunenes Sentralforbund*, *Norsk Lærarlag og Lærarforbundet*. Sju instansar uttaler seg utan å ta stilling til forslaget, men har andre merknader. *Norsk Vaksenpedagogisk forskingsinstitutt* foreslår å gi innføringskursane betre lovfesting. *Universitetet i Oslo* uttaler seg i same retning. *Rogaland fylkeskommune* meiner departementet bør vurdere ei lovendring slik at all førebuande opplæring for minoritetsspråklege i aldersgruppa for vidaregåande opplæring blir eit fylkeskommunalt ansvar.

3.6.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Eit fleirtal av høringsinstansane støttar forslaget i høringsnotatet. På denne bakgrunnen vil departementet forskriftsfeste at minoritetsspråklege som får tilbod om innføringskurs, ikkje skal bruke av opplæringsretten sin.

4 Forslag om andre endringer i opplæringslova

4.1 Godkjenning av lærebøker. Krav om språkleg kvalitet

4.1.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 9-4 skal «Lærebøker som blir brukte i skolen ... vere godkjende av departementet. Departementet kan gi nærmare forskrifter». Departementet har i forskrift til opplæringslova kap. 16 gitt forskrifter om godkjenning av lærebøker. Lærebøker omfattar alle trykte læremiddel som dekkjer vesentlege delar av læreplanane i dei ulike faga. Etter forskrifta er det Nasjonalt læremiddelsenter som står for godkjenninga, etter at utkast til lærebøker har vore på ein omfattande høringsrunde der mellom andre Norsk språkråd skal uttale seg.

4.1.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet vart det fremja forslag om å oppheve godkjenningsordninga for lærebøker. Det er lagt vekt på at det er læreplanen som skal vere styrande for undervisninga, ikkje lærebøkene. Lærebøkene skal berre vere eitt av fleire hjelpemiddel til å nå måla for faga. Valet mellom forskjellige hjelpemiddel er i første rekkje ein del av det profesjonelle ansvaret den enkelte læraren har. Dette ansvaret kan det vere vanskeleg å vareta fullt ut når ei statleg kontrollordning alt har bestemt kva lærebøker som kan brukast.

Etter departementet si vurdering har godkjenningsordninga i for stor grad overlata ansvaret for kvaliteten i lærebøkene til staten. Departementet ønskjer å leggje til rette for at dette ansvaret blir lagt til dei som kjenner lærebøkene best: forlaga, forfatarane og fagmiljøa. Gjennom samarbeid mellom forlag, forfatarar og fagmiljø vil den heilskaplege kvalitetskontrollen av lærebøkene bli vareteken.

Det er vidare ønskeleg at foreldre og elevar gjennom samarbeidsutval og skoleutval skal få reell innverknad på valet av lærebøker.

Ordninga med statleg godkjenning av lærebøkene har vore diskutert i lengre tid. Mellom anna foreslo fleirtalet i opplæringslovutvalet å oppheve den statlege lærebokgodkjenninga (NOU 1995:18 s. 171). Vidare har Ytringsfridoms-kommisjonen foreslått å oppheve ordninga, jf. NOU 1999: 2 kap. 4.4.2:

«Det er blitt hevdet at systemet med sentral godkjenning av lærebøker i skolen bryter med ytringsfriheten. Ordningen kan knapt sies å vere i strid med de grunnleggende prinsipper for ytringsfrihet eller med grunnloven, iallfall ikke så lenge kontrollen bare går på formelle kriterier. Det kan imidlertid hevdes at et slikt sentralt kontrollorgan lett kan bli en barriere mot det mangfold og den åpenhet for konkurrerende perspektiver som er forutsetningen for den oppøvelse av kritisk sans som er så viktig i utdannelsen. Egentlig er vi tilbake til lærerens rolle i skoleverket. Det er lærerene som, innenfor lov og læreplan, skal bruke bøkene. Det er de som skal presentere dem for elevene og eventuelt kritisere dem. De bør også stå for utvelgelsen uten noen forhåndsgodkjenning av de bøker de skal velge blant. Også i denne sammenheng

bør man tenke mer i retning av variasjon og i tillits- og kontraktstermer snarere enn i kontroll- og styringstermer. Kommisjonen slutter seg altså til flertallet i NOU 1995: 18 Ny lovgivning om opplæring, når det foreslår at kravet om statlig godkjenning av lærebøker oppheves. ... »

Kvaliteten i lærebøkene vil i framtida i første rekkje sikrast gjennom samarbeid mellom forlag og forfattarar, ved at forlaga nyttar nok ressursar på å tilfredsstille krava om innhald, likestilling og språkleg kvalitet.

Høg kvalitet er ein av dei viktigaste konkurranseparametrane i lærebokmarknaden. Lærebøker som ikkje har høg kvalitet i forhold til dei mål og prinsipp som ligg til grunn i læreplanverka, vil få problem med å bli selde. Det same gjeld lærebøker som ikkje held tilstrekkeleg språkleg kvalitet. I denne samanhengen kan mellom andre Norsk språkråd vere ein viktig ressurs for forlaga.

Kravet om at lærebøker i andre fag enn norsk skal liggje føre på bokmål og nynorsk til same pris og same tid før dei kan nyttast i skolen, skal etter framlegget bestå.

For å sikre at lærebøkene også i framtida held tilstrekkeleg språkleg kvalitet, vart det i høringsutkastet fremja forslag om at lærebøker til bruk i skolen skal følgje læreboknormalen. Regelen rettar seg direkte til skolane som brukarar av lærebøker og indirekte til forlaga som lærebokprodusentar. Bøker som ikkje følgjer læreboknormalen, kan ikkje nyttast som lærebøker. Følgjelig vil forlaga ikkje få selt lærebøker til skolane med mindre læreboknormalen blir følgd.

Høringsinstansane vart oppmoda om å komme med synspunkt på ei eventuell klageordning for lærebøker.

4.1.3 Høringsinstansane

Høringsinstansane er i hovudsak positive til forslaget. Dette gjeld også kommunane, fylkeskommunane og *Kommunenenes Sentralforbund*.

Noregs Mållag og *Norsk språkråd* meiner at den språklege delen av godkjenningsordninga bør haldast ved lag.

Norsk lærarlag og *Lærarforbundet* er kritiske til å oppheve lærebokgodkjenninga og viser mellom anna til at ei godkjenningsordning vil vere med på å sikre kvaliteten språkleg og innhaldsmessig. *Skolenes Landsforbund* støttar forslaget.

LOer imot forslaget om å oppheve godkjenningsordninga. Oppheving svekkjer standardiseringa, gir meir makt til forlaga og kan gi dårlegare og meir ujamn standard på lærebøkene. Dessutan blir likestillingsaspektet svekt.

Nasjonalt læremiddelsenter er negativt til å oppheve godkjenninga, og viser mellom anna til at det er dokumentert at godkjenningsordninga fangar opp alvorlege manglar og feil knytte til didaktikk, likestilling og språk. Det blir elles vist til at godkjenningsordninga gir lærarar og foreldre tryggleik for at lærebøka er i tråd med læreplanen.

Sametinget ønskjer å halde oppe ei godkjenningsordning for samiske læremiddel. Det blir vist til at å oppheve godkjenninga vil gå ut over produksjon av nye samiske lærebøker, og at dei samiske lærebøkene i denne samanhengen er i ein annan situasjon enn lærebøker elles. Også enkelte kommunar har teke

eit liknande standpunkt og meiner i tillegg at dei samiske lærebøkene skal vere i samsvar med reglar om samisk rettskriving.

Enkelte høringsinstansar har teke opp problem i forhold til å bruke utanlandske lærebøker, for eksempel lærebøker på engelsk, svensk eller dansk. Slike bøker kan det vere nødvendig å bruke i enkelte fag i vidaregåande opplæring.

Mange av trussamfunna har uttalt seg om lærebokgodkjenninga og meint at det bør haldast oppe ei offentleg kvalitetssikring av lærebøkene i krl-faget i ei ordning der alle aktuelle religionar og livssyn får høve til å uttale seg.

Likestillingsombodet og *Likestillingssenteret* er negative til å oppheve godkjenningsordninga, og viser til at ordninga varetek likestillinga.

Svært få av høringsinstansane har uttalt seg om en statleg klageinstans for lærebøker. Fleirtalet av dei som har uttalt seg, er negative til ei slik klageordning.

4.1.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag om at den statlege godkjenningsordninga for lærebøker blir oppheva. Departementet viser til at eit fleirtal av høringsinstansane meiner ordninga bør opphevast.

Departementet har merka seg at Noregs Mållag og Norsk Språkråd foreslår at den språklege delen av godkjenningsordninga blir halden oppe. Departementet meiner likevel at den språklege kvaliteten i lærebøkene blir tilstrekkeleg sikra gjennom forslaget om at lærebøker som blir brukte i skolen, skal følgje læreboknormalen.

Som følgje av at enkelte høringsinstansar har peikt på at det kan være nødvendig å bruke utanlandske lærebøker i enkelte fag i vidaregåande opplæring, har departementet presisert at regelen om at lærebøkene skal følgje læreboknormalen, berre gjeld norske lærebøker.

Enkelte høringsinstansar har foreslått at Sametinget skal godkjenne samiske lærebøker. Departementet viser til at det blir gitt tilskott til Sametinget over statsbudsjettet. Tilskottet skal mellom anna dekkje utgifter til utvikling, kvalitetssikring og produksjon av samiske læremiddel for grunnskolen og vidaregåande opplæring. Etter departementet si oppfatning disponerer Sametinget tilstrekkelege verkemiddel til å sikre elevane tilgang på samiske læremiddel, og Sametinget kan i den samanhengen sjølv avgjere rammene for kvalitetssikringa. Det er derfor ikkje grunn til å føre vidare eit krav om godkjenning av samiske lærebøker.

Departementet har merka seg at Likestillingsombodet og Likestillingssenteret er negative til å oppheve godkjenningsordninga. Etter departementets vurdering vil likestillingsomsynet i framtida bli tilstrekkeleg vareteke ved at likestillingslova § 7 pålegg skolane berre å bruke læremiddel som byggjer på likestilling mellom kjønna. Departementet viser til at læremiddel kan bringast inn for Klagenemnda for likestilling.

Mange av trus- og livssynsamfunna meiner at ei offentleg kvalitetssikring av lærebøkene i krl-faget bør haldast ved lag, ved ei ordning der alle aktuelle religionar og livssyn får høve til å uttale seg. Etter departementet si vurdering vil lærebøkene i krl-faget bli tilstrekkeleg kvalitetssikra gjennom det nødvendige samarbeid og den dialog som forlag og forfattarar vil ha med ulike fagper-

sonar og representantar for dei ulike trus- og livssynssamfunna. Departementet reknar med at det vil være i forlaga og forfattarane si eiga interesse at faginnhaldet i lærebøkene i krl-faget held høg kvalitet. Det er viktig at kontakt blir etablert tidleg i arbeidet med å utvikle ei ny bok.

Det blir ikkje fremja forslag om statleg klageinstans for lærebøker. Departementet viser til at svært få høringsinstansar har uttalt seg om dette spørsmålet, og at fleirtalet av dei som har uttalt seg, er negative til ei slik ordning. Departementet viser likevel til at den generelle tilsyns- og klageordninga som følgjer av opplæringslova § 14-1 og § 15-2, inneber høve til statleg overprøving av praktiseringa av opplæringslova og læreplanen. I den grad undervisninga ikkje er i tråd med forpliktande prinsipp i lov og læreplan, til dømes likestillingsaspektet, vil det kunne krevjast retta av statens utdanningskontor. I slike tilfelle vil vurderingstemaet for statens utdanningskontor ikkje vere om læreboka isolert sett er i strid med lov og læreplan, men om den undervisninga skolen gir, er i samsvar med regelverket.

Departementet vil i samarbeid med Kulturdepartementet følgje opp spørsmålet om å sikre den språklege kvaliteten i lærebøkene.

4.2 Rett til opplæring i punktskrift

4.2.1 Gjeldande rett

I grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir behova for opplæring i punktskrift for blinde og sterkt svaksynte elevar i dag varetekne gjennom retten til spesialundervisning etter kap. 5 i opplæringslova.

I grunnskolen får eleven som regel ein tilleggsressurs i form av ekstra lærar eller assistent. I tillegg til det ordinære timetalet har dei fleste elevane fått to til fem tilleggstimar per veke i kompensierende dugleik som mobilitet og ADL. Meir sjeldan blir det gitt tilleggstimar til opplæring i punktskrift og IKT.

I vidaregåande opplæring varierer talet på tilleggstimar med kor mange år vedkommande bruker på å gjennomføre opplæringa. Det vanlegaste er å ha mellom 10 og 15 tilleggstimar og å gi tilleggstimane som einetimar eller å nytte ein ekstra lærar innanfor det vanlege veketimetale. Men få av dei svaksynte og blinde elevane får tilleggstimar utover det vanlege veketimetale.

4.2.2 Høringsutkastet frå departementet

I tilknytning til behandlinga av Innst. O. nr. 70 (1997-98) vedtok Stortinget at Regjeringa skulle leggje fram ei «sak om lovfestet rett til opplæring i punktskrift.» Under behandlinga av Innst. O. nr. 92 (1998-99) gjorde Stortinget vidare vedtak om at Regjeringa skulle leggje fram «en melding basert på en vurdering av organiseringen og økonomien forbundet med en rettighetsfestet adgang til opplæring i punktskrift for svaksynte og blinde som tillegg til ordinær undervisning for blinde og svaksynte. Opplæringa skal foregå enten i punktskriftmiljø eller integrert i den ordinære skole etter elevenes eget ønske.»

Departementet gav 27. september 1999 Huseby kompetansesenter i oppdrag å greie ut spørsmålet om rett til opplæring i punktskrift i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. I oppdraget vart kompetansesenteret bedt om å gi informasjon om status i dag når det gjeld talet på elevar med behov for

punktskriftopplæring, det nærmare innhaldet i opplæringa, organiseringa av opplæringa og dei økonomiske rammevilkåra. Kompetansesenteret vart dessutan bedt om å gjere greie for korleis punktskriftopplæringa burde leggjast opp i framtida, komme med forslag om timetal i tillegg til det vanlege timetalet og dei økonomiske konsekvensane av å gi ein slik rett.

I utgreiinga av 1. november 1999 opplyser Huseby kompetansesenter at det i kvart årskull i skolen er gjennomsnittleg 8-10 barn som er blinde eller sterkt svaksynte. Vidare er det ca. 40-50 svaksynte elevar og 70-80 multihandikappa elevar, der ulike gradar av synshemming er ein av diagnosane. Alle punktskriftelevar i grunnskolen får i dag opplæring i nærskolen, og kvar for seg er dei vanlegvis den einaste punktskrifteleven i klassen og på skolen. Dei fleste blinde og sterkt svaksynte elevane i vidaregåande opplæring vel allmennfagleg studieretning. Somme av elevane gjennomfører vidaregåande opplæring innanfor normert studietid på tre år; dei fleste bruker fire og enkelte fem år.

Nye tal i rapport 25. februar 2000 frå Nasjonalt læremiddelsenter og styret for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet viser at elevgruppa blinde og sterkt svaksynte som har punktskrift som skriftspråk, utgjer om lag 70-80 elevar til saman i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

Kompetansesenteret peiker på at det gjennom dei seinare åra viser seg at sakkunnige tilrådingar om behov for tilleggstimar for elevar i grunnskolen i stadig mindre grad blir følgde av kommunale instansar med vedtaksmynde. Det blir løyvd stadig færre tilleggstimar; samtidig aukar bruken av ufaglærte assistentar. Spesielt gjeld dette fag som kroppsøving, kunst og handverk og mobilitet/ADL. Blinde og sterkt svaksynte elevar får til dels opplæring i klasserommet av eigen lærar eller assistent, men til dels blir individuell undervisning gitt i eigne grupperom. Opplæring i mobilitet/ADL blir alltid organisert som individuell undervisning.

Kompetansesenteret understrekar at grunnlaget for kva sjansar den synshemma vil ha til å delta i samfunnet på lik linje med andre, blir lagt i førskolealderen. Opplæring i ADL og mobilitet er ein viktig føresetnad for at barnet skal bli trygt og sjølvstendig og utvikle seg optimalt både personleg og sosialt. For punktskriftelevar utan tilleggshandikap er målsetjinga at dei skal følgje progresjonen i klassen i alle fag. Ein av føresetnadene for at eleven skal nå dette målet, er at ho/han har tileigna seg gode kunnskapar i kompensierende dugleikar som punktskrift, IKT og mobilitet/ADL.

På denne bakgrunnen foreslår kompetansesenteret at elevar på barnetrinnet i grunnskolen i tillegg til opplæring etter læreplanen får opplæring i emna

- språk- og omgrepsutvikling
- skriftspråkstimulering
- punktskrift
- lyttetrening
- kroppsmedvit
- romorientering
- grunnteknikkar i mobilitet
- tastaturtrening/touchsystemet
- punktmatematikk/Abakus (matematikkhjelpemiddel)

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

På mellomtrinnet blir det forslått at elevane i tillegg til opplæring etter læreplanen skal få opplæring i emna

- punktskrift
- punktmatematikk/Abakus
- IKT
- mobilitet/ADL
- notelære/punktnotar

På ungdomstrinnet blir det foreslått at elevane i tillegg til opplæring etter læreplanen skal få opplæring i emna

- punktskrift
- punktmatematikk
- IKT
- mobilitet/ADL
- studieteknikk
- notelære/punktnotar

I vidaregåande opplæring blir det foreslått at elevane i tillegg til opplæring etter læreplanen skal få opplæring i emna

- punktmatematikk
- IKT
- mobilitet/ADL
- studieteknikk
- punktnotar

Kompetansesenteret tilrår å utvide timeramma for desse elevane til maksimum 2033 timar utover vanleg timetal i grunnskolen og maksimum 608 timar utover vanleg timetal i den vidaregåande opplæringa. Det blir understreka at tilmålinga av ekstratimar må vere individuelt basert, og det må liggje føre sakkunnig vurdering utforma i samarbeid med foreldra til eleven. Det blir peikt på at timetal utover vanleg skoletid kan by på visse pedagogiske og praktiske problem knytte til lengda på skoledagen, skoleskyssen, samværet med medelevar i skolefritidsordninga. Desse forholda må det leggjast vekt på under vurderinga av omfanget av ekstratimar.

Departementet viser til at medan elevar med opplæring i teiknspråk har stort fagleg utbytte av å få opplæringa i eit teiknspråkleg miljø, vil elevar med punktskrift som skriftspråk ikkje ha det same faglege utbyttet av å få opplæring i eit «punktskriftleg» miljø. Alle elevar med opplæring i teiknspråk får i dag derfor opplæring ved heimstadskolen, medan elevane for 30 år sidan gjekk på statlege blindeskolar. For å betre integreringa og den sosiale inkluderinga av elevar med punktskrift som skriftspråk, og for å sikre retten til likeverdig opplæring, vart det i høringsutkastet foreslått rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i å bruke nødvendige hjelpemiddel. Elevane skal også ha rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet.

I høringsutkastet vart det foreslått å forskriftsfeste at retten skal oppfyllest innanfor ei ramme på 2 033 timar i tillegg til den alminnelege timeramma i grunnskolen og 608 timar i tillegg til den alminnelege timeramma i vidaregåande opplæring.

Nødvendigkriteriet i lova gjeld berre innhaldet i opplæringa og går ikkje på omfanget/timerammene. Elevar i grunnskolen har etter forslaget rett til

2033 timar, og elevar i vidaregåande opplæring har rett til 608 timar. Den enkelte eleven treng likevel ikkje nytte timeressursen fullt ut.

I høringsutkastet vart det vurdert om det skal utarbeidast sentrale læreplanar for opplæring i punktskrift, mobilitet m.m., eller om innhaldet i opplæringa skal fastsetjast i meir individuelt tilpassa opplegg i individuelle opplæringsplanar.

Plasseringa av føresegna i opplæringslova vil vere avhengig av kven av desse to modellane som blir vald. Dersom ein vel den sistnemnde modellen, der innhaldet i opplæringa blir nedfelt i individuelle opplæringsplanar, vil det vere naturleg å plassere føresegna i kap. 5 om spesialundervisning. Føresegnene i kap. 5 vil da gjelde fullt ut. Eleven skal likevel ha rett til 2 033 ekstratimar i grunnskolen og 608 ekstratimar i vidaregåande opplæring.

Dersom ein vel modellen med sentrale læreplanar, vil det vere naturlegare å plassere føresegna i kapitla om rett til opplæring, dvs. kap. 2 for grunnskolen og kap. 3 for vidaregåande opplæring. Legg ein denne modellen til grunn, vil det vere naturleg å avgrense retten til opplæring i punktskrift, mobilitet osv. mot retten til spesialundervisning. Opplæring i punktskrift, mobilitet osv. vil da vere «normalopplæringa» for desse elevane. Elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte at denne «normalopplæringa,» vil i tillegg kunne ha rett til spesialundervisning etter kap. 5 i lova. Til samanlikning kan nemnast at retten til opplæring i og på teiknspråk er lagd til kap. 2 for grunnskolen og kap. 3 for vidaregåande opplæring. På same måten som for opplæringa i teiknspråk må det her liggje føre sakkunnig vurdering når innhaldet i opplæringa skal fastsetjast.

Modellen med sentrale læreplanar vil kunne få konsekvensar for iverksetjinga av retten, og det framgår av høringsutkastet at det truleg ikkje vil la seg gjere å ha sentrale læreplanar klar til 1. august 2000.

I høringsutkastet vart høringsinstansane bedne om å vurdere om det skal utarbeidast sentrale læreplanar for opplæring i punktskrift, mobilitet m.m., eller om innhaldet i opplæringa skal fastsetjast i meir individuelt tilpassa opplegg.

4.2.3 Høringsinstansane

Med unntak av *Kommunenes Sentralforbunder* ingen av høringsinstansane negative til forslaget. *Kommunenes Sentralforbund* viser i hovudsak til at særskilde rettar vil vere ei urimeleg forskjellsbehandling i forhold til andre grupper med særskilde opplæringsbehov.

Mange av høringsinstansane har uttalt seg om plasseringa av retten til opplæring i punktskrift i opplæringslova. Fleirtalet ønskjer at retten blir plassert i dei alminnelege kapitla for grunnskole og vidaregåande opplæring, kap. 2 og 3. Fleirtalet av høringsinstansane meiner også at det bør utarbeidast sentrale læreplanar. Svært få går inn for plassering i spesialundervisningskapitlet.

4.2.4 Vurdering og framlegg frå departementet

I tråd med det eit fleirtal av høringsinstansane gir uttrykk for, blir det fremja forslag om at sterkt svaksynte elevar og blinde elevar skal ha rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i å bruke nødvendige tekniske hjelpe-

middel. Elevane skal også ha rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet. Departementet tek sikte på å forskriftsfeste at retten skal oppfyllest innanfor 2 033 ekstratimar i grunnskolen og 608 ekstratimar i den vidaregåande opplæringa.

Eit fleirtal av høringsinstansane ønskjer at retten til opplæring i punkt-skrift blir plassert i dei alminnelege kapitla for grunnskole og vidaregåande opplæring, kap. 2 og 3 i opplæringslova. Departementet fremjar forslag i tråd med fleirtalet av høringsinstansane. Vidare er departementet samd med høringsinstansane i at det bør utarbeidast sentrale læreplanar i punkt-skrift.

Departementet vil ikkje kunne ha sentrale læreplanar klar til skolestart hausten 2000, men vil sende på høring forslag til slike planar med sikte på at dei kan takast i bruk frå skolestart hausten 2001. Retten til nødvendig opplæring i punkt-skrift blir likevel sett i verk 1. august 2000. Skolane vil i overgangsperioden måtte tilpasse innhaldet i opplæringa til den enkelte eleven i form av individuelle opplegg.

Somme høringsinstansar har peikt på at det er vanskeleg å skaffe kvalifisert personale. Departementet viser til at det er eit kommunalt og fylkeskommunalt ansvar å sørge for at innhaldet i opplæringa blir realisert, og kommunar og fylkeskommunar må derfor knyte til seg tilstrekkeleg med personale som har synspedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse. Vidare må det leggjast til rette for at lærarkreftene er stabile.

Det er dessutan viktig at kommunane og fylkeskommunane legg til rette for at personalet kan delta på kurs arrangerte av kompetansesentra. Departementet viser også til målsetjinga under pkt. 5.3.2 om betre samordning og kommunikasjon mellom dei statlege kompetansesentra og skolar som har punkt-skriftelevar.

4.3 Retten til å gå på nærskolen. Høve til å flytte elevar i særskilde tilfelle.

4.3.1 Gjeldande rett

Etter ordlyden i opplæringslova § 8-1 har alle elevar vilkårslaus rett til å gå på nærskolen. Eleven kan ikkje flyttast frå nærskolen mot hans eller hennar eigen vilje.

I den tidlegare grunnskolelova med forskrifter var det ope for at elevar i grunnskolen kunne flyttast til annan skole utan samtykke frå foreldra. Før det vart gjort enkeltvedtak om overføring til annan skole, hadde foreldra rett til å uttale seg, og det skulle liggje føre fråsegn frå læraren til eleven og pedagogisk-psykologisk teneste. Dette gjekk fram av forskrift til grunnskolelova § 2-1 nr. 3. Dersom formålet med overføringa primært var å oppfylle retten til spesialundervisning for på denne måten å hjelpe eleven sjølv, var det krav om samtykke frå foreldra, jf. same forskrift § 1-4 nr. 4. Omsyna bak regelen som gav høve til å overføre elevar utan samtykke frå foreldra, var mellom anna læringssituasjonen i klassen og behovet for å verne dei andre elevane. Det var i alvorlege tilfelle, og normalt først etter at andre tiltak var prøvde ut ved nærskolen utan resultat, at det kunne komme på tale å nytte dette verkemidlet.

4.3.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet vart det fremja forslag om at når åtferda til eleven i alvorleg grad går ut over læringssituasjonen for dei andre elevane i klassen og det dermed ikkje er forsvarleg å gi eleven opplæringstilbodet på nærskolen, må det i heilt spesielle tilfelle vere mogleg å vise eleven til for eksempel ein særskilt bemanna og utstyrt skole i kommunen for å oppfylle retten og plikta til grunnskoleopplæring. I mange tilfelle vil det truleg vere tilstrekkeleg å flytte eleven til ein vanleg naboskole, for eksempel for å bryte opp elevgrupper. På denne måten får den aktuelle eleven/dei aktuelle elevane sjansen til ein «ny start» ved naboskolen; kanskje kan dette også skje utan at det er behov for å tilføre ekstra ressursar.

Retten til enkelteleven må i slike heilt spesielle tilfelle vike for retten til andre elevar i klassen. Dette vil for eksempel kunne gjelde situasjonar der ein står overfor vedvarande og alvorleg mobbing eller anna åtferd som verkar øydeleggjande på læringssituasjonen.

Etter forslaget skal eleven likevel først kunne flyttast til annan skole etter at andre tiltak ved nærskolen er prøvde. Dette gjeld også tiltak der ekstra ressursar blir sette inn i klassen for å avhjelpe situasjonen. Foreldra til eleven bør takast med i desse vurderingane.

Vedtak om overflytting til annan skole bør gjerast i kommunen sentralt, ikkje ved den enkelte skolen. Før det blir gjort vedtak om overflytting, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

Den beste løysinga vil vere å forme ut eit opplæringstilbod der skole og foreldre saman finn ut kva som er det beste for eleven i slike situasjonar, utan at det må gjerast vedtak om flytting til annan skole mot eleven og foreldra sin vilje.

4.3.3 Høringsinstansane

Dei aller fleste av dei kommunane som har uttalt seg, er positive til lovforslaget. Også *Kommunenes Sentralforbunder* einig.

Lærarforbundeter positiv, men foreslår presiseringar når det gjeld krava til dokumentasjon på at andre tiltak enn flytting av elevar er vurderte.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon er usamd i forslaget, og meiner mellom anna at forslaget set klassen sine behov framfor den enkelte eleven sitt behov. Det same standpunktet har *Norges forbund for utviklingshemmede*.

Enkelte utdanningskontor er imot forslaget, og viser til at barnevernlova gir tilstrekkeleg heimel for å flytte elevar.

Enkelte høringsinstansar meiner at overføring av ein elev berre kan skje etter sakkunnig vurdering, og at dette må takast inn i lova. Det er også enkelte høringsinstansar som meiner at omsynet til den eleven som skal flyttast, bør synleggjerast i lovteksten.

Elles er forslaget i hovudsak blitt positivt motteke av høringsinstansane.

4.3.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag om at ein elev i særlege tilfelle kan flyttast til ein annan skole når omsynet til dei andre elevane tilseier det. Andre tiltak skal ha vore prøvde ut før det blir gjort vedtak om å flytte eleven.

Departementet vil understreke at føreseigna berre kan brukast i heilt spesielle unntakstilfelle, når åtferda til eleven i alvorleg grad går ut over skole- og læringssituasjonen for dei andre elevane og det dermed ikkje er forsvarleg å gi eleven opplæringstilbodet på nærskolen.

Enkelte høringsinstansar har teke opp forholdet til funksjonshemma elevar. Departementet vil halde fast ved at funksjonshemma elevar framleis skal ha rett til et fullverdig skoletilbod ved nærskolen. Funksjonshemma elevar skal såleis ikkje kunne flyttast med det formål å hjelpe eleven sjølv, utan samtykke frå føresette. Skolebygga må tilpassast behova hos funksjonshemma, og opplæring og tilsynsfunksjonar må vere lagde slik opp at funksjonshemma elevar blir integrerte i nærskolen. Dette gjeld også når funksjonshemminga medfører ekstraordinære kostnader eller vanskar for kommunen.

I premissane til høringsutkastet vart det uttalt at det skulle liggje føre sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev. Etter departementet si vurdering er det ikkje grunn til å krevje at det i alle tilfelle skal liggje føre sakkunnig vurdering. Det er tilstrekkeleg at vedtaket er forsvarleg og er underkasta reglane i forvaltningslova om krav til enkeltvedtak. Departementet viser mellom anna til kravet om at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst før vedtak blir gjort. Det må derfor vurderast i den enkelte saka om krava til forsvarleg saksbehandling krev sakkunnig vurdering.

Departementet understrekar at kommunale enkeltvedtak om å flytte ein elev, som andre enkeltvedtak i grunnskolen, kan klagast til statens utdanningskontor, jf. opplæringslova § 15-2.

Departementet foreslår også at lova presiserer høvet til å flytte eleven ut av kommunen. Ei slik flytting må likevel ikkje føre til at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

5 Om læremiddel for punktskriftbrukarar

5.1 Innleiing

I St.meld. nr. 23 (1997-98) Om opplæring for barn, unge og vaksne med særskilde behov vart det peikt på at læremiddelsituasjonen for blinde og sterkt svaksynte elevar ikkje er tilfredsstillande. Det vart særleg vist til at læremiddel ikkje er tilgjengelege i punktskrift når undervisningsåret tek til, og at dette mellom anna har samanheng med at bestillingane kjem inn seint og at produksjonsprosessen tek lang tid. Utfordringane vart tekne opp med Nasjonalt læremiddelsenter, som har det overordna ansvaret for å koordinere og utvikle læremiddel for lågfrekvente grupper, og det vart utarbeidd ein straksplan. Departementet varsla i meldinga at det var viktig at arbeidet vart følgt opp.

I Innst. O. nr. 70 (1997-98) og Innst. S. nr. 228 (1997-98) vart det understreka av kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen at det er viktig å få ein straksplan for å utvikle læremiddel for blinde og sterkt svaksynte elevar. På denne bakgrunnen fekk styret for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet og Nasjonalt læremiddelsenter i oppdrag av departementet å greie ut læremiddelsituasjonen for punktskriftbrukarane. Rapporten låg føre 15. februar 2000.

5.2 Nærmare om hovudtrekka i rapporten

5.2.1 Brukarane og læremiddelomgrepet

Elevgruppa blinde og sterkt svaksynte som har punktskrift som skriftspråk, utgjer i alt om lag 70-80 elevar i grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Elevtalet på kvart trinn i grunnskole og vidaregåande opplæring varierer mellom 1 og 10.

«Læremiddel» vil for denne gruppa seie tilrettelagde punktskriftbøker og tekstar på papir eller elektronisk, eventuelt med tilhørande lærarrettleiing, og stimulerings- og konkretiseringsmateriell som er nødvendig for at eleven skal kunne ha nytte av opplæringa.

Dei fleste vanlege lærebøker kan leggjast til rette og givast ut som papirpunktskriftbøker. Dei kan nyttast på linje med dei vanlege lærebøkene for klassen. Ei vanleg trykt lærebok for sjåande elevar vil som regel bestå av 8-14 permar når ho er tilrettelagd og produsert i punktskrift. Det krevst stor pedagogisk tilrettelegging av stoffet. Bøker med mange illustrasjonar og bøker innanfor matematikk og naturfag er det spesielt krevjande å leggje til rette for punktskrift.

Punktskriftbok i elektronisk form krev at eleven disponerer eigen PC med tilkoplta leselist (punktskriftdisplay). Bilete, grafar og anna visualiserande innhald må forklarast og leggjast til rette teknisk og pedagogisk for brukaren. Ofte blir illustrasjonar produserte som taktilt vedlegg.

5.2.2 Status for lærebokproduksjonen

Ein nyproduksjon eller ei førstegongsutvikling av ei punkttskriftbok i papirpunkt eller elektronisk er eit relativt omfattande utviklingsarbeid, der ein med utgangspunkt i boka i vanleg trykk vurderer og tilpassar biletstoff, grafar og tabellar. Det kan også vere nødvendig med utfyllande, beskrivande tekst på fleire område, for å gi den synshemma dei nødvendige føresetnadene for å til-eigne seg lærestoffet.

For skoleåret 1999-2000 fekk Tambartun kompetansesenter 126 bestillingar på nyproduksjonar i punkttskrift, av desse 15 elektroniske. Huseby kompetansesenter fekk 190 bestillingar, av desse 78 elektroniske. Det vart i alt gitt avslag på i overkant av 50 av bestillingane.

Når sentra må gi avslag på nyproduksjon, er det først og fremst på grunn av kapasitetsproblem. I samband med grunnskolereforma har problemet også vore at læreverka frå forlaga først har lege føre ved skolestart. Sentra tilbyr da læreverket i alternativ målform eller eit alternativt læreverk i rett målform som dekkjer same fag og trinn.

Det er også gitt avslag på bestillingar ut frå faglege vurderingar om at læreverket ikkje er eigna for tilrettelegging i punkttskrift, eller fordi læreverket ikkje er godkjent etter skolereformene. Skolane får da tilbod om godkjende verk som dekkjer faget.

For skoleåret 1999-2000 fikk kompetansesentra inn 659 bestillingar på reproduksjonar i punkttskrift og 209 elektroniske. Det er ingen avslag når det blir bestilt reproduksjonar.

Kostnadene for rekneskapsåret 1999 er i alt 15 300 000 kroner. Av dette er 2 100 000 kroner dekte med tilskott frå Nasjonalt læremiddelsenter. Dette omfattar alt frå enkle reproduksjonar til kompliserte nyproduksjonar, og talet er såleis ikkje eigna til å berekne gjennomsnittskostnader per bok. Ca. 80 prosent av ressursane går med til nyproduksjonar, i alt 259 titlar, medan ca. 20 prosent går med til reproduksjonar og utlån, i alt 868 titlar. Utlåna utgjer ein svært liten del.

5.2.3 Endra rammevilkår for lærebokproduksjonen

Rapporten viser mellom anna til at det dei seinare åra er gjennomført reformer og innført nye læreplanar i både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Tidlegare produksjonar i punkttskrift kan ikkje brukast med dagens læreplanar. Vidare er dei nye læreverka ofte meir omfattande enn tidlegare lærebøker, med fleire komponentar og meir bruk av bilete og illustrasjonar. Med skolereformene er det også lagt vekt på andre arbeidsformer i opplæringa.

I tillegg til at reformene har medført ein auke i talet på nye bøker som må leggjast til rette for punkttskrift, har det også vore eit aukande behov for tilrettelegging i punkttskrift av andre tekstar på papir eller elektronisk. Dette medfører store pedagogiske utfordringar og lengre produksjonstid.

Det at punkttskriftbrukarane har tilgang til datautstyr, har mellom anna ført til at lærebøker i punkttskrift no også er etterspurde som elektroniske bøker. Eleven kan lese teksten på ei leselist kopla til datamaskinen.

5.2.4 Framtidige behov med forslag til tiltak

5.2.4.1 Auka ressursar

Rapporten viser til at ei ekstra årleg ressurstildeling til sentra på 4 000 000 kroner er tilstrekkeleg til at alle elevar i grunnskole og vidaregåande opplæring får dekt behovet for lærebøker. Med ei slik tildeling vil sentra kunne halde fram produksjonen som i dag (jf. pkt. 5.2.2) og byggje opp og sikre stabil kompetanse til bruk i læremiddelarbeidet.

5.2.4.2 Avgrensing i læremiddelproduksjonen

Rapporten tek opp spørsmålet om innskrenkingar i valmoglegheitene for punktskriftbrukarane som følgjer av å fråvike kravet om språkversjonar av lærebøkene på nynorsk, samisk og bokmål. Dersom ein forlet kravet om språkversjonering, kan det medføre at punktskriftbrukarane får tilbod om læreverk i eit anna mål enn det dei primært ønskjer.

Å veksle mellom målformer vil vere ei ekstra belastning for denne elevgruppa, som både har større vanskar med omgrepsinnlæring og større vanskar med å få opp lesefarten enn sjåande elever. Ettersom det er dyrare å nyprodusere bøker enn å reprodusere, kan produksjonsmiljøa, dersom ein forlet kravet om språkversjonering, bruke økonomiske og personalmessige ressursar til nyproduksjonar dei elles måtte avslå. Fordelinga av bokmåls- og nynorskelevar det inneverande skoleåret er 57 - 7.

Rapporten tek opp spørsmålet om fridom til å velje læreverk. Det kan vedtakast at det berre skal utviklast eit bestemt tal læreverk i kvart fag og for kvart trinn. Skolen må da ta stilling til om heile klassen skal nytte det verket som er tilrettelagt på punktskrift. Dersom det ikkje skjer, vil punktskriftbrukaren måtte bruke eit anna læreverk enn klassen elles, noko som vanskeleggjer sosial og fagleg inkludering. For punktskriftbrukarane kan avgrensa produksjon derfor innebære at dei ikkje får dei same høve til likeverdig opplæring som sjåande. For produksjonsmiljøa fører avgrensing av talet på læreverk for kvart trinn til at det i større grad kan sikrast nyproduksjonar for alle fag på kvart trinn.

Produksjonsmiljøet kan dessutan styre kva medium dei ulike læreverka skal leggjast til rette for, til dømes papirpunkt eller elektronisk. Faktorar som leseugleik, datakunnskap og arbeidsmåtar varierer og er avgjerande for korleis elevane vil vere i stand til å utnytte og orientere seg i læreverket. Tilbakemeldingar frå vidaregåande opplæring viser at ein del elevar ønskjer papirutgåve parallelt med elektronisk tekst. Pedagogisk sett vil det derfor vere uheldig å leggje føringar på valet av medium. Den pedagogiske tilrettelegginga og produksjonen av illustrasjonar vil dessutan langt på veg vere den same, uavhengig av kva medium punktskriftboka blir tilrettelagd for. Ressursinnsparinga ved å tilby eit læreverk i berre eitt medium vil berre vere tida til å endre layout og eventuelt til trykking og innbinding når det gjeld punktskriftutgåva.

Rapporten tek opp spørsmålet om utlån av lærebøker kan vere eit alternativ til reproduksjon. Ved å etablere ei utlånsordning kan talet på reproduksjonar avgrensast. Utlånte bøker kan krevjast i retur etter at skoleåret er slutt, slik at dei er klar til utlån ved skolestart. Dei årlege utgiftene for sentra til reproduksjonar utgjør 20 pst. av totalinnsatsen på ca. 15 300 000 kroner. Rap-

porten peiker på at dette krev auka lagerkapasitet ved sentra, fordi det kan ta fleire år før eit læreverk blir bestilt på ny. For dei eksemplara som skal lånast ut det etterfølgjande året, vil ein vere avhengig av at returen kjem tidsnok til ny utsending. Det vil krevje auka personalressursar til mottak, kvalitetskontroll og reparasjon. Det blir vidare vist til at punktbøker trykte på papir er mindre eigna til nytt utlån, fordi punkta lettare blir klemde flate under transport og er meir utsette for slitasje og tilsmussing under lesing.

5.2.4.3 *Betre samordning*

Rapporten peiker på behovet for betre samordning mellom dei involverte instansane, og det blir mellom anna vist til at det er sett i gang arbeid med å utvikle ein overordna samarbeidsavtale mellom Nasjonalt læremiddelsenter og styret for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet om felles informasjonstiltak, koordinering av plandokument og rapportering.

Når det gjeld samarbeidet mellom statlege og kommunale og fylkeskommunale instansar, blir det i rapporten vist til behovet for informasjonsutveksling. Til dømes er søknadsfristen for særskilt inntak til vidaregåande opplæring 1. februar. Dei enkelte skolane får melding om elevar dei kjem til å få i april - mai. Kva for lærarar som skal ha eleven, er ofte ikkje klart før i perioden mai - juli. I vidaregåande skole er det læraren som bestemmer kva læreverk klassen skal bruke, og det medfører i enkelte tilfelle at bestillinga ikkje kjem før i juli - august. Sidan det dreier seg om få elevar, som er kjende for hjelpeapparatet, er det ønskeleg med betre rutinar på skolenivå, slik at kompetansesenteret får informasjon om kva skole eleven har fått plass ved på eit tidlegare tidspunkt enn i dag.

Når det gjeld samarbeidet mellom statlege og private trykkjeri og forlag, blir det i rapporten vist til behov for tettare samarbeid. Det blir vist til at ein stor del av arbeidet med å framstille ei punktskriftbok er å skaffe fram tekstgrunnlaget digitalt. Innskanning av teksten med tilhørande redigering vil leggje beslag på verdifulle ressursar. Dei seinare åra er det derfor i stigande grad blitt brukt digitale manuskript direkte frå trykkjeria. Det er forlaga som bestemmer om sentra skal få tilgang til dei digitale manuskripta. Dei fleste større forlag godtek slik bruk. Dei prisane trykkjeria fastset for slike tenester, inneber at dette i dag ikkje gir nokon økonomisk gevinst framfor skanning, men sentra sparer tid. I somme tilfelle kan det ta lang tid å få levert manuskriptet frå trykkjeriet. Det er derfor ønskeleg å få samordna praksis på området.

Det er også ønskeleg å komme i samarbeid med forlaga tidleg i prosessen når det skal givast ut ei ny lærebok. Gjennom slikt samarbeid vil ein kunne medverke til at læreboka blir slik utforma at ho lettare kan tilpassast ulike elevgrupper.

Det blir vidare vist til at ein uavhengig instans bør gjennomgå alle aspekta ved læremiddelarbeidet for punktskriftbrukarar, med vekt på mellom anna faglege og økonomiske sider, organisering, bemanning og kompetanse. Ei slik utgreiing bør så langt som mogleg skaffe prognosar for korleis behovet vil utvikle seg vidare, og komme med forslag til tiltak.

5.3 Vurderingar og tiltak frå departementet

Nye læreplanar og med dei nye lærebøker, har komme ca. kvart tiande år. Det er viktig å etablere eit system som tek omsyn til dette, slik at ein unngår problem for den enkelte eleven i reformtider. Rett til opplæring i punktskrift for blinde og sterkt svaksynte elevar er viktig for å realisere retten til likeverdig opplæring. Skal rettane vere reelle, er det viktig å leggje til rette for at læremidla for gruppa er tilgjengelege når undervisningsåret tek til. Manglande tilgjenge har mellom anna samanheng med at bestillingane kjem seint inn, og at produksjonsprosessen tek lang tid.

5.3.1 Avgrensing av omfanget av produksjonen

Etter departementet si vurdering er det ikkje i første rekkje ressursituasjonen som må endrast; det må derimot mellom anna vurderast endringar i produksjonsprosessen.

Departementet vil vurdere nærmare om det er mogleg å avgrense omfanget av produksjonen. I dag kan skolane tilnærma fritt velje kva lærebok som skal versjonast til punktskrift, og sentra følgjer opp bestillingane innanfor dei økonomiske ressursane som til kvar tid er stilte til rådvelde. Den rolla det statlege støttesystemet med sin synspedagogiske spisskompetanse skal ha, skal i stor monn vere å gi råd og rettleiing om kva som under synspedagogisk og ressurseffektiv synsvinkel, er det mest eigna læreverket, med det mål å gi eigna læreverk til synshemma elevar til rett tidspunkt.

Ved i større monn å leggje føringar på skolane når det gjeld valet av lærebøker, kan omfanget av produksjonen reduserast. Ein vil da i langt større grad sikre seg at alle elevane får lærebøker til skolestart, og dermed også sikre retten til likeverdig opplæring og eigna læremiddel. Departementet viser til at det er etablert ei parallell ordning for hørselshemma elevar, der staten har tilrettelagt eitt læreverk med teiknspråkversjonering, tilleggsvideoar og/eller rettleiingar for kvart klassetrinn.

Det vil vere viktig for skolen, i god tid før skolestart, å ha klarlagt med kompetansesentra kva lærebok eller lærebøker som er tilgjengeleg(e) og mest eigna for punktskriftbrukaren for det aktuelle årstrinnet, med tanke på valet av lærebok for resten av klassen. Det vil vere mest aktuelt å vurdere tiltaket i grunnskolen.

Etter departementet si vurdering vil retten til likeverdig opplæring ikkje bli påverka av at høvet til å velje mellom lærebøker blir innskrenka. Departementet viser mellom anna til at alle lærebøker som blir valde ut til punktskriftproduksjon, skal ha høg kvalitet og dekkje vesentlege delar av måla og hovudmomenta for det enkelte klassetrinnet.

Departementet er samd i at det må vere eit mål at punktskriftbrukarar som hovudregel får tilbod om læreverk i den målforma dei primært ønskjer, og at det i utgangspunktet ikkje skal setjast grenser når det gjeld valet av medium. Det bør likevel vurderast om det innanfor enkelte fag, til dømes matematikk, er mogleg å versjonere berre den reine teksten til papirpunktskrift, medan grafiske illustrasjonar og liknande kan lesast elektronisk på leselist. I enkelte tilfelle kan lyd bok i rett målform også vere eit supplement.

Når hovudutfordringa på feltet er at produksjonsprosessen tek lang tid, er det etter departementet si vurdering interessant å få greidd nærmare ut om det er mogleg å etablere ei utlånsordning for lærebøker i papirpunktskrift. Ei utlånsordning vil redusere behovet for reproduksjon sterkt. I dag er det inga slik utlånsordning. Etter departementet si vurdering må det vere mogleg å etablere eit system der skolane ved slutten av skoleåret returnerer papirpunktskriftbøker til kompetansesentra. Departementet vil sjå nærmare på om det er mogleg å etablere ei utlånsordning innanfor den ressursen som no blir brukt til reproduksjonar.

5.3.2 Betre samordning

I rapporten er det peikt på at den andre hovudutfordringa for å sikre at punktskriftbøkene er klar til skolestart, er betre bestillingsprosedyrar. Det at bestillingane kjem seint inn, kan betrast gjennom mellom anna betre samordning mellom aktørane. Det er derfor positivt at Nasjonalt læremiddelsenter og styret for det statlege spesialpedagogiske støttesystemet har teke initiativ til ein overordna samarbeidsavtale. Dessutan må skolar med elever som er punktskriftbrukarar stå i nær kontakt med kompetansesentra, slik at mellom anna valet av lærebøker kan avklarast så tidleg som mogleg av omsyn til produksjonsprosessen.

Det vil vidare vere eit mål å forbetre samarbeidet med forlaga, slik at ein kan få avtalar om levering av digital tekst. Dette tiltaket vil forenkle produksjonsprosessen.

Som følgje av dei tiltaka det er gjort greie for, ligg det som ein klar intensjon at det statlege støttesystemet i stor monn skal medverke med faglege vurderingar når det gjeld val av lærebøker, og at alle lærebøker som er bestilte til punktskriftbrukarar for skoleåret 2001-2002 skal vere tilgjengelege ved skolestart.

6 Endringer i privatskulelova

6.1 Krav om politiattest og yrkesforbod i private skolar

6.1.1 Gjeldande rett

I dag er det etter opplæringslova § 10-9 krav om politiattest og yrkesforbod ved tilsetjing i offentleg grunnskole og privat grunnskole utan godkjenning etter privatskulelova (opplæringslova § 2-12). Kravet gjeld også for kommunale og private skolefritidsordningar, jf. opplæringslova § 13-7. Attesten skal vise om vedkommande søkjar er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Etter privatskulelova er det ikkje krav om politiattest eller yrkesforbod ved tilsetjing i private grunnskolar.

6.1.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet vart det fremja forslag om krav om politiattest og yrkesforbod ved tilsetjing i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova.

Dei same omsyna som grunnir kravet om politiattest ved tilsetjing i grunnskolen og skolefritidsordninga, gjer seg gjeldande ved tilsetjing i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova. Departementet viser til vurderingane på side 111 i Ot. prp. nr. 46 (1997-98) og på side 19 i Innst. O. nr. 70 (1997-98).

6.1.3 Høringsinstansane

Dei få høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, er positive til dei foreslådde endringane. Dette gjeld også *Steinerskolene i Norge* og *Kristne friskolers forbund*.

6.1.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet.

6.2 Klage på spesialundervisning i private skolar

6.2.1 Gjeldande rett

Det er kommunen/fylkeskommunen som avgjer om elevar i private skolar skal få spesialundervisning. Tidlegare kunne elevar i private grunnskolar klage på slike vedtak til departementet (delegert til statens utdanningskontor). Elevar i vidaregåande skolar kunne klage til fylkestinget.

6.2.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet vart det fremja forslag om å gjeninnføre statleg klageinstans på enkeltvedtak om spesialundervisning i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova. Det vart vidare fremja forslag om å innføre statleg klagein-

stans på enkeltvedtak om spesialundervisning i private vidaregåande skolar godkjende etter privatskulelova.

Det var ein utilsikta verknad av opplæringslova at den statlege klagen på spesialundervisning i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova vart oppheva. For vidaregåande opplæring medfører forslaget overgang frå fylkeskommunal klageinstans til statleg klageinstans.

Dei same omsyna som grunngir kravet om statleg klage på enkeltvedtak om spesialundervisning i offentlege skolar gjer seg gjeldande for klage på enkeltvedtak om spesialundervisning i private skolar godkjende etter privatskulelova. Departementet viser til vurderingane på side 146 f. i Ot. prp. nr. 46 (1997-98).

6.2.3 Høringsinstansane

Dei få høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, er positive til dei foreslådde endringane. Dette gjeld også *Steinerskolene i Norge* og *Kristne friskolers forbund*.

6.2.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet.

6.3 Klage på enkeltvedtak om skoleskyss for elevar i private grunnskolar

6.3.1 Gjeldande rett

Etter innføringa av opplæringslova er det ikkje lenger høve til å klage på kommunale enkeltvedtak om skoleskyss for elevar i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova.

6.3.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet vart det fremja forslag om at det skal vere ein statleg klageinstans for klagar på kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om skoleskyss for elevar i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova.

Det var ein utilsikta verknad av opplæringslova at høvet til å klage til staten over vedtak om skoleskyss for elevar i private grunnskolar godkjende etter privatskulelova vart oppheva.

6.3.3 Høringsinstansane

Dei få høringsinstansane som har uttalt seg om forslaget, er positive til dei foreslådde endringane. Dette gjeld også *Steinerskolene i Norge* og *Kristne friskolers forbund*.

6.3.4 Vurdering og framlegg frå departementet

Departementet fremjar forslag i tråd med høringsutkastet.

6.4 Tekniske endringar

Privatskulelova har vore endra ved to ulike lovvedtak som vart sette i verk til ulik tid. Ved iverksetjinga av opplæringslova vart det gjort utilsikta endringar i privatskulelova. Departementet foreslår nødvendige endringar i privatskulelova slik at denne blir i samsvar med dei lovvedtak Stortinget har gjort tidlegare.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Nedanfor er dei økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga i høringa omtalte.

7.1 Rett til grunnskoleopplæring for vaksne, pkt. 2.1

Skoleåret 1998-99 var det ca. 2 600 deltakarar på heiltid og deltid i eksamensretta grunnskoleopplæring i kommunal regi. Resultatet frå eit pilotprosjekt som SSB har gjennomført, viser at ca. 38 000 personar er utan grunnskole, dvs. har mindre enn sju års skolegang.

Stortinget sette som føresetnad at kommunane skulle få dekt ekstrakostnadene ved innføringa av retten til grunnskoleopplæring for vaksne. Departementet har ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å kunne berekne dei økonomiske konsekvensane for kommunane ved innføringa av ein slik rett. Både talet på deltakarar og kostnadene for kvar deltakar er enno svært usikre. Av denne grunn er det nødvendig å kartleggje behova for opplæring og korleis desse behova skal stettast. Departementet har sett i gang eit prosjekt om kartlegging av behov og utprøving av modellar for grunnskoleopplæring for vaksne, som ein reknar med vil gi betre berekningsgrunnlag. Kartlegging av antall deltakarar skal vere avslutta til september 2000. Hausten 2000 skal nyttast til utvikling av opplæringsmodellar, mens ein frå januar 2001 til mai 2002 vil vidareutvikle og prøve ut modellane.

7.2 Rett til vidaregåande opplæring for vaksne, pkt. 2.2.

Departementet legg til grunn at talet på vaksne elevar i vidaregåande opplæring vil stige med 5 000 etter innføringa av lovfesta rett for vaksne. Ved kostnadsberekninga er det føresett at dei som tek del i denne ordninga, vil bli likt fordelte mellom allmennfag, fagprøve etter opplæringslova § 3-5 (praksiskandidatar) og yrkesfag. I tillegg reknar ein med at kvar elev i gjennomsnitt treng eit utdanningsomfang tilsvarande eitt års heiltidsstudium for å fullføre vidaregåande opplæring. I berekningane er det nytta kostnadssatsar tilsvarande tilskottsregel 4 i privatskulelova. Denne regelen byggjer på kostnadsundersøkingar av utgiftene til den offentlege vidaregåande skolen, baserte på fylkeskommunale rekneskapstal. Kostnadssatsen for allmenne økonomiske fag er i 1999 sett til 47 790 kroner per heilårselev. For yrkesfaga (unnateke naturbruk) er det fastsett ein felles sats på 80 430 kroner, basert på ein vekta gjennomsnittssats for alle yrkesfaga. For praksiskandidatar er $\frac{1}{4}$ av kostnadssatsen for yrkesfag lagd til grunn. Dersom ein tek utgangspunkt i ein auke på 5000 elevar, vil den samla heilårsverknaden utgjere 247 mill. kroner.

7.3 Skoleskyss, pkt. 2.3, krav til kompetanse, pkt. 2.4, ansvarføresegner, pkt. 2.5 og klage og tilsyn, pkt. 2.6

Forslaga har ikkje vesentlege økonomiske konsekvensar.

7.4 Rett til vidaregåande opplæring i inntil fem år etter sakkunnig vurdering, pkt. 3.1.

Innføring av rett til vidaregåande opplæring i inntil fem år etter sakkunnig vurdering, vil for mange fylkeskommunar ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar, ettersom dette er ei vidareføring av dagens praksis. For somme fylkeskommunar vil talet på elevar som får fem års opplæring, kunne stige noko. Dei økonomiske og administrative konsekvensane er ikkje rekna for å vere vesentlege.

7.5 Rett til eitt ekstra opplæringsår ved omval, pkt. 3.2.

Når det gjeld forslaget om innføring av rett til inntil eitt ekstra opplæringsår ved omval, reknar departementet med at talet på elevar som nyttar dette tilbodet, ikkje vil stige vesentleg i høve til i dag. Departementet er i dag ikkje kjent med at elevar med rett til vidaregåande opplæring som på grunn av omval treng eit års opplæring utover retten, er blitt nekta plass det siste året. Dei økonomiske og administrative konsekvensane vil ut frå dette vere svært små.

7.6 Rett til opplæring i den tid som er nødvendig etter læreplanen, pkt. 3.3.

Lovforslaget om rett til opplæring i den tid som er nødvendig etter læreplanen, er i samsvar med intensjonen i opplæringslova og praksis i fylkeskommunane. Forslaget vil derfor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

7.7 Utviding av uttaksramma, pkt. 3.4

Med den foreslådde utvidinga vil målgruppa for oppfølgingstenesta i fylkeskommunane utgjere eit årskull meir enn i dag. Tal frå evalueringa av Reform 94 viser at om lag 25 prosent av årskullet ikkje har teke ut retten til vidaregåande opplæring i løpet av tre år. Dersom ein legg til grunn at om lag 40 prosent av desse framleis ikkje har teke ut retten etter fire år, vil kostnadene ved å utvide uttaksramma bli om lag 8 mill. kroner.

Stortinget sa seg samd i å utvide uttaksramma under behandlinga av Innst. S. nr. 246 (1998-99), og sette som føresetnad at rolla til oppfølgingstenesta ikkje blir svekt ved utvidinga.

7.8 Rett til å teikne opplæringskontrakt i fag som har læretid i bedrift, med sikte mot kompetanse på lågare nivå, pkt. 3.5.

Fylkeskommunen pliktar etter opplæringslova § 13-3 å gi tilbod om vidaregåande opplæring. Elevar som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det vanlege opplæringsstilbodet, har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1.

Dei kostnadene fylkeskommunen har ved å tilby vidaregåande opplæring, varierer med kva kurs det gjeld og om det er ledig plass i ein eksisterande klasse. I gjennomsnitt er kostnadene for ein elev om lag dei same som det tilskottet fylkeskommunen betaler til lærebedrift for ein lærling. Auke i talet på

utdanningssøkjjarar som får opplæring i bedrift, representerer derfor ikkje utan vidare nokon auke i kostnadene for fylkeskommunen. Det gjeld utan omsyn til om den utdanningssøkjande tek sikte på full kompetanse eller kompetanse på lågare nivå.

I somme tilfelle vil den som tek sikte mot kompetanse på lågare nivå, ha rett til opplæring på særvilkår. Dette kan innebære auka ressursar til opplæring, men det er ikkje noko som tilseier at behova for auka ressursar er større ved opplæring i bedrift enn ved opplæring i skole. Framlegget pålegg ikkje fylkeskommunen nye administrative løysingar. Fylkeskommunen sine utgifter skulle såleis ikkje bli endra som følgje av at det blir opna for å teikne lærekontrakt med sikte på kompetanse på lågare nivå.

Når ein lærling har bestått fag- eller sveineprøva, får lærebedrifta eit kvalitetssikringstilskott på 7 500 kroner for kvart år lærlingen har vore i lære, maksimalt 15 000 kroner for kvar lærling. Dette stimulerer bedrifta til å arbeide målmedvite for å sikre at lærlingen når måla for opplæringa. Ei tilsvarende ordning bør gjelde for bedrifter som har læreandidatar. Tilskottet må bli utløyst av at læreandidaten når dei måla som er fastsette i den individuelle opplæringsplanen. Det finst ikkje noko sikkert tal på kor mange som vil teikne opplæringskontrakt med sikte mot kompetanse på lågare nivå. Kor store dei auka utgiftene vil bli som følgje av kvalitetssikringstilskott til bedrifter som tek inn læreandidatar, er såleis vanskeleg å fastsetje sikkert.

7.9 Oppheving av den statlege godkjenningsordninga for lærebøker, jf. pkt. 4.1

Oppheving av godkjenningsordninga for lærebøker vil isolert sett frigi ressursar i Nasjonalt lærmiddelsenter, som er den institusjonen som i dag har ansvaret for godkjenningsordninga. Det er likevel føresett at midlar som blir frigjorde når godkjenningsordninga blir oppheva, vil bli brukte til rådgiving overfor forlaga med sikte på nødvendig kvalitetsutvikling. Samla sett vil forslaget derfor ikkje ha økonomiske konsekvensar.

7.10 Rett til opplæring i punktskrift, jf. pkt. 4.2

Det blir foreslått å forskriftsfeste at innføringa av rett til punktskrift skal gjennomførast innanfor ei ramme på 2033 timar i tillegg til den alminnelege timeramma i grunnskolen og 608 timar i tillegg til den alminnelege timeramma i vidaregåande opplæring. Dei årlege meirkostnadene er usikre, fordi det mellom anna er usikkert kor mange elevar som vil ønskje å ta ut fullt ekstra timetal. Med den føresetnad at alle elevane tek ut maksimalt timetal, vil forslaget medføre årlege meirkostnader på ca. 3 mill. kroner. Kostnadene er berekna ut frå at det gjennomsnittleg er sju elevar på kvart årstrinn i 10-årig grunnskole og 4-årig vidaregåande opplæring som har behov for opplæring i punktskrift m.m. Timekostnaden er sett til 280 kroner. I berekningane er det teke omsyn til at elevane i dag får gjennomsnittleg tre timar i tillegg til den alminnelege timeramma i grunnskolen. I vidaregåande opplæring er det i dag ikkje vanleg å få tilleggstimar utover den alminnelege timeramma. Dette er kostnader kommunane og fylkeskommunane alt er forplikta til som ledd i å oppfylle retten til spesialundervisning.

8 Merknader til paragrafane

8.1 Merknader til endringar i opplæringslova

Til § 1-1 tredje leddet:

Tredje leddet i § 1-1 skal endrast til «*For opplæring spesielt organisert for vaksne som kommunen eller fylkeskommunen har ansvaret for, gjeld kapittel 4A.*» Retane og pliktene til vaksne som søker eller er tekne inn til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring som er spesielt organisert for vaksne, er meint å vere regulerte uttømmende i kapittel 4A. For vaksne som er tekne inn til vanleg vidaregåande opplæring, gjeld dei same reglane som for andre elevar og lærlingar.

Til § 1-2 andre leddet:

Orda «*elevane og lærlingane*» i første punktum blir erstatta med «*elevane, lærlingane og lære kandidatane*».

Til § 1-2 femte leddet:

Orda «*eleven og lærlingen*» blir erstatta med «*eleven, lærlingen og lære kandidaten*».

Til § 1-2 sjette leddet:

Orda «*mellom lærlingar og bedrifter*» i første punktum blir erstatta med «*mellom lærlingar, lære kandidatar og bedrifter*». Orda «*elevar og lærlingar*» i siste punktum blir erstatta med «*elevar, lærlingar eller lære kandidatar*».

Endringane inneber at desse reglane blir gjorde gjeldande også for dei som får opplæring i bedrift som lære kandidatar.

Til § 2-14:

Paragrafen er ny. Sjå merknader om dette i kapittel 4.2.

Til § 3-1 første leddet:

Tillegget «*I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen.*» blir føyd til som nytt andre punktum i lovteksten. Endringa gir ungdom rett til å fullføre eit løp i vidaregåande opplæring som etter læreplanen strekkjer seg utover dei tre åra dei har lovfesta rett til vidaregåande opplæring etter reglane i første punktum. Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 3.3.4.

Til § 3-1 andre leddet:

Orda «Elevar og lærlingar» blir erstatta med «*Elevar, lærlingar og lære kandidatar*». Endringa inneber at lære kandidatar har rett til opplæring i samsvar med opplæringslova og tilhørande forskrifter.

Til § 3-1 tredje leddet:

Orda «fire» og «fem» blir erstatta av «*fem*» og «*seks*» i første punktum i lovteksten. Endringane inneber at uttaksramma for retten til vidaregåande opplæring blir utvida med eitt år. Sjå også vurderingane frå departementet i punkt 3.4.4.

I andre punktum blir orda «eleven eller lærlingen» erstatta med «*eleven, lærlingen eller lære kandidaten*». Endringa inneber at ein lære kandidat etter søknad til fylkeskommunen kan få løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt.

Til § 3-1 fjerde leddet:

Føresegna er ny. Det nye fjerde leddet slår fast at elevar med rett til vidaregåande opplæring som gjer eit omval, også får rett til å bruke inntil eitt ekstra opplæringsår. Omval skal kunne gjerast på alle trinn i opplæringsløpet der det er mogleg, både innanfor og utanfor studieretninga. Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 3.2.4.

Til § 3-1 femte leddet (tidlegare fjerde leddet):

§ 3-1 femte leddet blir endra til: «Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, *har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstranår eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. Retten gjeld også for blinde og svaksynte som har rett til opplæring på punktskrift etter § 3-10.*»

Ordlyden er her endra slik at elevar på nærmare vilkår får rett til vidaregåande opplæring i inntil to år i tillegg til dei tre åra eleven har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 første leddet. Vilkåra er for det første at eleven har rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5, for det andre at den sakkunnige vurderingane konkluderer med at eleven vil ha utbytte av å få utvida tid til vidaregåande opplæring. I andre punktum er det presisert at den sakkunnige vurderingane er rådgivande, og at det er fylkeskommunen som gjer vedtak om rett til utvida opplæringstid.

Retten til utvida opplæringstid gjeld tilsvarende for blinde og svaksynte som har rett til opplæring på punktskrift etter § 3-10, sjølv om dei ikkje fyller vilkåra for spesialundervisning.

Retten til utvida opplæringstid inneber heiltids opplæring i inntil to år ekstra. Det er ein føresetnad at eleven kan ha utbytte av den utvida tida. Departementet er etter reglane i § 15-2 i forslaget her klageinstans for vedtak om utvida opplæringstid etter denne paragrafen.

Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 3.1.4.

Til § 3-1 sjuande leddet (tidlegare sjette leddet):

Orda «ein elev eller ein lærling» blir erstatta med «*ein elev, ein lærling eller ein lærekandidat*». Leddet omhandlar plikt for fylkeskommunen til å tilby eit anna grunnkurs eller vidaregåande kurs. Plikta omfattar ikkje annan læreplass. Endringa inneber at regelen gjeld tilsvarande for lærekandidatar.

Til § 3-1 niande leddet (tidlegare åttande leddet):

Orda «elevane og lærlingane» i andre punktum i lovteksten blir erstatta med «*elevane, lærlingane og lærekandidatane*». Endringa inneber at reglane i paragrafen også gjeld for dei som får opplæring i bedrift som lærekandidatar.

Til § 3-2 første leddet:

Orda «*og lærekandidatar*» blir føydde til i lovteksten. Endringa inneber at heimelen for departementet til å gi forskrifter også omfattar lærekandidatar.

Til § 3-3 første leddet:

Nemninga «delkompetanse» blir erstatta med «*kompetanse på lågare nivå*» i lovteksten. Dette inneber inga endring i innhaldet, men er ei presisering av at opplæringa kan føre fram til kompetanse på eit lågare nivå enn studie- eller yrkeskompetanse.

Til 3-3 femte leddet:

Orda «*og lærekandidatar*» blir føydde til i lovteksten. Endringa inneber at vidaregåande skolar skal gi tilbod om teoriopplæring også for lærekandidatar. Dette synleggjer at opplæringa også for lærekandidatar skal vere ei veksling mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift.

Til § 3-3 sjette leddet:

Orda «*og lærekandidatar*» blir føydde til i første punktum i lovteksten. Endringa inneber at heimelen for departementet til å gi forskrifter også omfattar lærekandidatar.

Til § 3-4 første leddet:

Orda «*elear, lærlingar og privatistar*» i andre punktum i lovteksten blir erstatta med «*elear, lærlingar, lærekandidatar og privatistar*». Endringa inneber at heimelen for departementet til å gi forskrifter også omfattar lærekandidatar. Departementet kan mellom anna gi reglar om kompetanseprøve for lærekandidatar.

Til § 3-4 andre leddet:

Orda «*Elevane og lærlingane*» i første punktum i lovteksten blir erstatta med «*Elevane, lærlingane og lærekandidatane*». Endringa inneber plikt for lærekandidatane til å vere aktivt med i opplæringa.

Til § 3-10:

Paragrafen er ny. Sjå vurderingane frå departementet i kap. 4.2.

Til § 4-1:

Tillegget «*Lærekandidat er etter denne lova den som har skrive ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve.*» blir nytt andre punktum i lovteksten. Regelen gjer greie for kva som ligg i omgrepet «lærekandidat». Det er ein føresetnad at ein som skal ha opplæring i bedrift som lærekandidat, har inngått skriftleg kontrakt. Målet for opplæringa er sett lågare enn yrkeskompetanse, og den avsluttande prøva skal også vere mindre omfattande enn fag- eller sveineprøva. Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 3.5.4.

Til § 4-2 første leddet:

Orda «*Lærlingen er arbeidstakar*» i lovteksten blir erstatta med «*Lærlingen og lærekandidaten er arbeidstakarar*». Endringa inneber at lærekandidaten, på same vis som lærlingen, skal vere arbeidstakar i lærebedrifta.

Til § 4-2 andre leddet:

Orda «*etter kontrakten*» blir føydde til i første punktum, og orda «*eller lærekandidaten*» blir føydde til i andre punktum i lovteksten. Endringane klargjer at regelen gjeld både lærlingar og lærekandidatar.

Til § 4-2 tredje leddet:

Orda «*og lærekandidatar*» blir føydde til for å synleggjere at lærekandidatar skal ha tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste på same måte som lærlingar.

Til § 4-2 fjerde leddet:

Føresegna er ny. Regelen inneber rett til spesialundervisning for lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det vanlege opplæringstilbodet. Andre punktum presiserer dei reglane i kap. 5 som gjeld for lærekandidatar.

Til § 4-3 første leddet:

Orda «*eller lærekandidatar*» blir føydde til i lovteksten. Endringa inneber at bedrifter som tek på seg opplæring av lærekandidatar, må vere godkjende på same måten som for lærlingar.

Til § 4-4 første leddet:

I første punktum blir orda «*av lærlingen og lærekandidaten*» føydde til i lovteksten. Endringa presiserer at første punktum gjeld både for lærlingar og lærekandidatar.

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Som nytt andre punktum blir *«Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan, jf. § 5-5 første leddet.»*føydd til i lovteksten. Endringa synleggjer at for ein lærekandidat som har krav på spesialundervisning etter kap. 5, skal det liggje ein individuell opplæringsplan til grunn for opplæringa. Opplæringa skal vere i samsvar med den individuelle opplæringsplanen. Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 3.5.4.

I tredje punktum blir orda *«og lærekandidaten»*føydde til i lovteksten. Endringa inneber at lærekandidaten, på same vis som lærlingen, skal få fri for å gjennomføre teoriopplæringa utanfor lærebedrifta.

Til § 4-4 andre leddet:

Orda *«og lærekandidaten»*blir føydde til i andre punktum i lovteksten. Endringa inneber at dei reglane om arbeids- og skoletid som gjeld for lærlingar, også skal gjelde for lærekandidatar.

Til § 4-4 tredje leddet:

Som nytt andre punktum blir *«Lærekandidaten skal ved slutten av kontrakttida få høve til å gå opp til ei kompetanseprøve som viser det nivå opplæringa har ført fram til.»*føydd til i lovteksten. Endringa opnar for at lærekandidaten ved slutten av kontrakttida skal kunne ta ei kompetanseprøve. Prøva skal vise det nivået opplæringa har ført fram til.

Orda *«fagprøva eller sveineprøva»* i siste punktum blir erstatta med *«fagprøva, sveineprøva eller kompetanseprøva»*,og viser at skolen får eigedomsretten til produktet av prøva dersom skolen dekkjer materialutgiftene.

Til § 4-4 fjerde leddet:

Orda *«eller lærekandidaten»*er føydde til. Endringa inneber at lærebedrifta også har plikt til å melde frå dersom ho ikkje kan gi lærekandidaten tilfredsstillande opplæring.

Til § 4-5 første leddet:

Nytt andre punktum: *«Det skal opprettast skriftleg opplæringskontrakt mellom lærebedrifta og lærekandidaten når læreforholdet tek til.»*

Dette er gjort for å lovfeste kravet om skriftleg kontrakt og å synleggjere nemninga «opplæringskontrakt» om denne avtalen.

Til § 4-6 første leddet:

Føresegna er ny. Regelen inneber at opplæringskontrakten mellom lærekandidaten og lærebedrifta kan endrast med samtykke frå yrkesopplæringsnemnda. Det er eit mål for all vidaregåande opplæring at flest mogleg skal stimulerast til å komme så langt som mogleg. Det kan undervegs i opplæringsløpet vise seg at lærekandidaten kan nå høgare mål enn dei opphavleg fastsette i den individuelle opplæringsplanen. Mellom anna vil det i slike tilfelle vere nødvendig å kunne endre opplæringskontrakten til ein vanleg lærekontrakt, der målet er fagbrev eller sveinebrev.

Til § 4-6 andre leddet (tidlegare første leddet):

Orda «*eller opplæringskontrakten*» blir føydde til i lovteksten. Endringa gjer reglane om heving av lærekontrakt gjeldande også for opplæringskontrakt.

Til § 4-6 tredje leddet (tidlegare andre leddet):

Orda «*eller lære kandidatane*» blir føydde til i første punktum. Endringane inneber at dei reglane som gjeld for lærlingar om heving av kontrakt, også skal gjelde lære kandidatane.

Ordet «lærings» er erstatta med «*lærings, lære kandidatane*» i pkt. b og med «*lærings eller lære kandidatane*» i pkt. c. Føresegnene gjeld dermed både lærlingar og lære kandidatane.

Til § 4-6 femte leddet (tidlegare fjerde leddet):

Orda «*eller lære kandidatane*» blir føydde til i både første og andre punktum i lovteksten. Ordet «lærekontrakten» i første punktum blir erstatta med «*kontrakten*», og ordet «lærekontrakt» i andre punktum blir erstatta med «*kontrakt*». Endringane gjer reglane i leddet gjeldande for lære kandidatane.

Til § 4-6 sjette leddet (tidlegare femte leddet):

Orda «*eller lære kandidatane*» blir føydde til i lovteksten. Endringa gjer regelen om å forklare seg munnleg gjeldande for lære kandidatane.

Til § 4-6 åttande leddet (tidlegare sjuande leddet):

I første punktum blir orda «*eller lære kandidatane*» føydde til, og ordet «læretida» blir erstatta med «*kontrakttida*». I andre punktum blir ordet «lærekontrakten» erstatta med «*kontrakten*». I tredje punktum blir ordet «læretida» erstatta med «*kontrakttida*», og orda «lærings har fått mangelfull opplæring» erstatta med «*opplæringa har vore mangelfull*». Endringane inneber at dei reglane som no gjeld for lærlingar, skal gjelde på same måten for lære kandidatane.

Til § 4-6 niande leddet (tidlegare åttande leddet):

Ordet «Læreforholdet» i første punktum blir erstatta med «*Lærekontrakten eller opplæringskontrakten*». Endringa inneber at den regelen som no gjeld for lærlingar, skal gjelde på same måten for lære kandidatane.

Til § 4-7:

I andre strekpunkt blir orda «*og opplæringskontraktar*» føydde til. I tredje strekpunkt blir orda «*for lærlingane og dei individuelle opplæringsplanane for lære kandidatane*» føydde til. Tilsvarande blir orda «*og lære kandidatane*» føydde til i fjerde strekpunkt. Endringa inneber at den regelen som no gjeld for lærlingar, skal gjelde på same måten for lære kandidatane.

*Nytt kapittel 4A blir sett inn etter kap. 4 i lova.**Til § 4A-1:*

Uttrykket «*treng grunnskoleopplæring*» i lovteksten inneber at det må vurderast om den enkelte søkjaren *treng grunnskoleopplæring*. I denne vurderinga må det leggjast vekt på dei uttalte behov for grunnskoleopplæring søkjaren har. Søkjaren si eiga vurdering av opplæringsbehovet kan likevel ikkje utan vidare vere avgjerande for om vedkommande har krav på opplæring.

Lovformuleringa inneber at det er behovet for opplæring i seg sjølv som er avgjerande for retten. Årsaka til behovet er såleis ikkje avgjerande. Ein kan ha behov for fornya grunnskoleopplæring på grunn av sjukdom eller skade, på grunn av at grunnskoleopplæringa har vore mangelfull, eller ein kan ha behov for meir opplæring på grunn av andre omstende.

Personar som har fått eit likeverdig opplæringstilbod, vil i mange tilfelle ikkje ha behov for ytterlegare grunnskoleopplæring. Somme vil likevel kunne ha eit slikt behov, og dermed rett til grunnskoleopplæring. Dersom den tidlegare opplæringa ikkje inkluderte dei fag ein i dag *treng* for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne, vil ein kunne ha behov for, og dermed rett til, opplæring så langt behovet rekk. Personar med utanlandsk opphav og/eller utdanningsbakgrunn vil måtte bedømmast ut frå dei behov for opplæring dei måtte ha etter norske forhold. Når det gjeld retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1, er denne knytt til tidspunktet for fullført grunnskole. Retten etter § 3-1 omfattar også dei som fullfører grunnskolen seinare enn vanleg, til dømes innvandrarak (asylsøklarar og flyktingar). Sjå også vurderingane frå departementet i pkt. 2.2.1.4.

Lengda på og omfanget av tilbodet skal tilpassast dei behov den enkelte har, og må derfor fastsetjast skjønsmessig i det enkelte tilfellet. I denne vurderinga kan det vere naturleg å nytte den rettleiinga om grunnskoleopplæring for vaksne som departementet gav ut i 1999. Denne rettleiinga viser nokre normalordningar for grunnskoleopplæring for vaksne og vil kunne passe i mange tilfelle. Opplæringa må ha eit omfang og ei lengd som gjer at den vaksne har sjanse til å nå dei mål det i kvart tilfelle er realistisk å setje opp. I somme tilfelle vil det vere nødvendig å leggje opplæringa til kveldstid for at den vaksne skal kunne delta.

Sjølv om det eksisterer ein individuell rett til grunnskoleopplæring, må det offentlege ha rimeleg tid til å planleggje, leggje til rette og iverksetje tilbodet. Dette inneber at søklarar, etter omstenda, må akseptere at det kan ta ei viss tid før eit tilbod blir etablert.

All opplæring og alt undervisningsmaterieil skal vere gratis. Sjølv om lovformuleringa ikkje er identisk med opplæringslova § 2-1 sjetle leddet, er det ikkje meininga at det skal vere nokon forskjell i innhald. Det ordinære gratisprinsippet i grunnskolen skal såleis etter forslaget også gjelde på dette området.

Sjå elles premissane i pkt. 2.1.

Til § 4A-2:

Når ein skal ta stilling til om ein vaksen har rett til spesialundervisning etter *første leddet* i denne paragrafen, må ein på mange måtar gjere den same vurde-

ringa som for elevar i opplæringspliktig alder som blir vurderte etter opplæringslova § 5-1 første leddet. Ein må likevel ta omsyn til at undervisningsopplegget for vaksne i utgangspunktet vil vere meir tilpassa til behov den enkelte har enn det som er tilfellet etter normalordninga i vanleg grunnskole.

Opplæringa skal normalt ta utgangspunkt i dei faga som er nemnde i § 4A-1. Dersom eleven ikkje vil ha forsvarleg utbytte av eit undervisningsopplegg basert på desse faga, kan ein gå utover denne ramma. Vaksne som på grunn av sjukdom, skade eller ulykke har behov for fornya grunnskoleopplæring, vil oftast falle inn under retten til spesialundervisning. Føresegna opnar også for re-læring av grunnleggjande kommunikasjonsdugleik og grunnleggjande lese- og skrivedugleik. Føresegna fangar såleis også opp grupper som tidlegare fall inn under opplæringslova § 5-2 første leddet første punktum.

Opplæringa skal ha eit omfang, eit innhald og ei lengd som gir den vaksne sjanse til å nå dei måla det i kvart tilfelle er realistisk å setje opp.

*Andre leddet*finneber vidareføring av den tidlegare § 5-2 i opplæringslova.

Til § 4A-3:

*Første leddet*gir vaksne som har fullført grunnskole eller tilsvarande, rett til vidaregåande opplæring. *Andre punktum* klargjer nærmare kven som har rett til vidaregåande opplæring. *Andre punktum* presiserer at opplæringa skal tilpassast dei behov den enkelte har. I tredje punktum har departementet heimel for å gi forskrifter, mellom anna om kven retten omfattar, om inntak, rangering og førerett.

*Andre leddet*gjeld vaksne som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter første leddet. Dersom vaksne utan rett til vidaregåande opplæring er tekne inn til slik opplæring, gir regelen i andre leddet dei ein sjølvstendig rett til å fullføre opplæringsløpet.

Nytt *tredje ledd*gir rett til opplæring i den tid læreplanen føreset, jf. § 3-1 første leddet nytt andre punktum.

*Fjerde leddet*har same innhaldet som § 3-1 niande leddet.

Til § 4A-4:

*Første leddet*presiserer at reglane i §§ 13-1 til 13-3 også gjeld for vaksne som får opplæring etter dette kapitlet.

*Andre leddet*presiserer at kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at opplæringstilboda til vaksne er i samsvar med lov og forskrift. *Andre punktum* opnar for at kommunen og fylkeskommunen kan oppfylle pliktene sine etter reglane i dette kapitlet ved å nytte fjernundervisningsinstitusjonar og andre tilbydarar av grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring.

*Tredje leddet*presiserer det ansvaret kommunen og fylkeskommunen har for at vaksne som har fått opplæring etter reglane i dette kapitlet, får dokumentert opplæringa.

*Fjerde leddet*legg plikt på kommunen og fylkeskommunen til å leggje til rette for at dei vaksne får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og opplæringstilbod.

*Femte leddet*gir departementet heimel for å gi forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

Til § 4A-5:

Sjå merknadene i kap. 2.4.

Til § 4A-6:

Regelen presiserer at reglane om læreplanar i §§ 1-3, 2-3, 3-4 og 6-4 gjeld med dei presiseringane som følgjer av dette kapitlet.

Til § 4A-7:

Sjå merknadene i kap. 2.3.

Til § 4A-8:

Sjå merknadene til § 4A-1 fjerde avsnitt.

Til § 4A-9:

Regelen er i samsvar med § 3-8 andre leddet og følgjande ledd.

Til § 4A-10:

Regelen presiserer at regelen i § 14-1 om statleg tilsyn og kontroll, § 15-1 om bruk av forvaltningslova og § 15-2 om særlege reglar om klageinstans også gjeld opplæring etter dette kapitlet.

Til § 4A-11:

Regelen inneber at regelen om forsøk i § 1-4 også gjeld opplæring etter dette kapitlet.

Til § 5-2:

§ 5-2 blir oppheva

Til § 7-5:

§ 7-5 blir oppheva.

Til § 8-1 tredje leddet:

Føresegna er ny. Sjå vurderingane frå departementet i kap. 4.3.

Til § 9-4:

§ 9-4 *første leddet* blir oppheva. *Andre leddet* blir nytt første ledd. *Fjerde leddet* blir nytt tredje ledd. *Tredje leddet* blir nytt fjerde ledd, der orda «andre leddet» blir erstatta med «første leddet».

Sjå vurderingane frå departementet i kap. 4.1.

Til § 12-1 andre leddet andre strekpunkt:

Orda «*og kompetanseprøve på eit lågare nivå for lærekandidatar*» er føydde til for å synleggjere at regelen også skal gjelde for lærekandidatar som går opp til kompetanseprøve.

Til § 12-2 fjerde leddet tredje strekpunkt:

Orda «*eller lærekandidaten*» er føydde til for å vise at regelen gjeld tilsvarande for lærekandidatar.

Til § 12-3 andre leddet tredje punktum:

Ordet «*lærlingrepresentant*» blir erstatta med «*lærling- eller lærekandidatrepresentant*» for å vise at også lærekandidatar skal kunne nemnast opp som representantar i yrkesopplæringsnemnda.

Til § 12-4 fjerde leddet:

Orda «*og dokumentasjon for kompetanse for lærekandidatar*» blir føydde til i lovteksten. Endringa inneber at regelen, som no gjeld lærlingar, blir gjort gjeldande også for lærekandidatar.

Til § 13-3 andre leddet:

Orda «*eller § 4 A-3*» blir føydde til. Tilvisinga til § 4A-3 blir gjort for å synleggjere den nye, lovfesta plikta til fylkeskommunen.

Til § 13-5:

Føresegna blir oppheva. På bakgrunn av dei nye rettane til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne i det nye kapittel 4A i lova er føresegna overflødig.

Til § 15-2, andre leddet:

Orda «*og for enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte leddet*» er føydde til for å vise at departementet er klageinstans for vedtak etter § 3-1 femte leddet.

8.2 Merknader til endringar i privatskulelova

Til § 15 tredje leddet:

Føresegna er ny. Sjå merknadene under kap. 6.1.

Til § 9 fjerde leddet:

Føresegna er ny. Sjå merknad under kap. 6.2.

Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Til § 10 fjerde leddet:

Føresegna er ny. Sjå merknad under kap. 6.3.

Til § 26 Tilskotsregel nr. 1 bokstav b:

Orda «teknisk utstyr og maskinelt utstyr» blir erstatta med «*investeringsutgifter*».

Sjå merknad under kap. 6.4.

Til § 26 Tilskotsregel nr. 4:

Ordet «Skular» i innleiinga blir erstatta med «*Vidaregåande skular*».

Sjå merknad under kap. 6.4.

Til § 26 Tilskotsregel nr. 11

Føresegna blir oppheva.

Sjå merknad under kap. 6.4.

9 Iverksetjing

Departementet tek sikte på å setje i verk dei fleste endringane med verknad frå skoleåret 2000/2001. Vidare tek ein sikte på å setje retten til grunnskoleopplæring for vaksne i verk frå hausten 2002.

Departementet foreslår at Kongen får heimel til å fastsetje iverksettings- tidspunktet for lova. I den samanheng vil Kongen kunne bestemme at dei ulike delane av lova trer i kraft til ulik tid.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m. i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ligg ved.

Forslag til lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

I.

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) blir det gjort følgjande endringar:

§ 1-1 tredje leddet skal lyde:

For opplæring som er spesielt organisert for vaksne, og som kommunen eller fylkeskommunen har ansvaret for, gjeld kapittel 4A.

§ 1-2 andre leddet første punktum skal lyde:

Den vidaregåande opplæringa skal ta sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, og hjelpe elevane, *lærlingane og lærekandidatane* i deira personlege utvikling.

§ 1-2 femte og sjette leddet skal lyde:

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og *lærekandidaten*.

Det skal leggjast vekt på å skape gode samarbeidsformer mellom lærarar og elevar, mellom lærlingar, *lærekandidatar* og bedrifter, mellom skole og heim, og mellom skole og arbeidsliv. Alle som er knytte til skolen eller til lærebedriftene, skal arbeide for å hindre at elevar, lærlingar og *lærekandidatar* kjem til skade eller blir utsette for krenkjande ord eller handlingar.

Ny § 2-14 skal lyde:

§ 2-14 Punktskriftopplæring m.m.

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heime-miljøet. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrift etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

§ 3-1 rett til vidaregåande opplæring skal lyde:

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. *I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har ungdommen rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen.* Ungdom som har fylt 15 år, søker sjølv om inntak til den vidaregåande opplæringa.

Elevar, lærlingar og *lære kandidat*ar har rett til opplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.

Heile retten må normalt takast ut innan *fem* år etter at grunnskolen er fullført, og innan *seks* år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift. Fylkeskommunen kan etter søknad gi eleven, lærlingen eller *lære kandidaten* løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt. Departementet gir forskrifter om kva forhold som skal gi rett til utsetjing eller avbrot.

Retten til vidaregåande opplæring blir etter søknad om omval utvida med inntil eitt opplæringsår.

Elev som etter reglane i kapittel 5 har rett til spesialundervisning, *har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra* når eleven *treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. Retten gjeld også for blinde og svaksynte som har rett til opplæring på punktskrift etter § 3-10.*

Søklarar har rett til inntak på eitt av tre alternative eittårige grunnkurs som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring som byggjer på grunnkurset. Søklarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt grunnkurs, har rett til inntak på dette kurset innanfor ein kvote fastsett av departementet ved forskrift.

Fylkeskommunen skal tilby anna opplæring dersom ein elev, ein lærling eller ein *lære kandidat* har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Departementet gir forskrift om inntak.

Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen kan påleggje elevane, lærlingane og *lære kandidatane* å halde seg med undervisningsmateriell og utstyr til eige bruk som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Fylkeskommunen kan krevje betaling av elevane for utgifter til å kopiere slik materiell. Departementet gir nærmare forskrifter.

§ 3-2 første leddet skal lyde:

Departementet gir forskrifter om samla tid til opplæring i den vidaregåande opplæringa, også om samla læretid for lærlingar og *lære kandidat*ar.

§ 3-3 første leddet skal lyde:

Den vidaregåande opplæringa skal føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller *kompetanse på lågare nivå*.

§ 3-3 femte og sjette leddet skal lyde:

Vidaregåande skolar skal gi tilbod om teoriopplæring for lærlingar og *lære kandidat*ar, og om kortare kurs.

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Departementet kan gi forskrifter om avvik frå denne opplæringsordninga for særskilde, små fag, for fag med særskilt store krav til teori, for fag med særskilde sertifiseringskrav, for lærlingar og *lærekandidatar* som ikkje fell inn under § 3-1 og for lærlingar og *lærekandidatar* med særskilde behov. Departementet gir forskrifter om kva fag som skal ha læretid i bedrift.

§ 3-4 første leddet, andre punktum skal lyde:

Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar, *lærekandidatar* og privatistar, om klage på vurdering, om eksamen, om fag- og sveineprøve og om dokumentasjon.

§ 3-4 andre leddet skal lyde:

Elevane, lærlingane og *lærekandidatane* skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her.

Rektor skal organisere skolen i samsvar med forskrifter etter første leddet og i samsvar med §§ 1-2 og 3-3 og forskrifter etter § 1-3.

Ny § 3-10 skal lyde:

§ 3-10 Punktskriftopplæring m.m.

Sterkt svaksynte og blinde elevar har rett til nødvendig opplæring i punktskrift og opplæring i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel. Elevane har også rett til nødvendig opplæring i å ta seg fram på skolen, til og frå skolen og i heimemiljøet. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrift etter § 3-2 og § 3-4 i denne lova. Før det blir gjort vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre sakkunnig vurdering.

§ 4-1 skal lyde:

Lærling er etter denne lova den som har skriva ein lærekontrakt med sikte på fagprøve eller sveineprøve i fag som har læretid etter forskrifter gitt med heimel i § 3-4. *Lærekandidat er etter denne lova den som har skriva ein opplæringskontrakt med sikte på ei mindre omfattande prøve enn fag- eller sveineprøve.*

§ 4-2 første leddet skal lyde:

Lærlingen og *lærekandidaten* er arbeidstakarar i lærebedrifta, med dei rettane og pliktene som følgjer av lover og tariffavtaler, jf. likevel § 4-6 siste leddet.

§ 4-2 andre leddet skal lyde:

Når læretida etter kontrakten er over, fell også arbeidsavtalen bort. Der som lærlingen eller lærekandidaten skal halde fram i bedrifta, må ein ny arbeidsavtale inngåast.

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

§ 4-2 tredje leddet skal lyde:

Lærlingar og lærekandidatar skal ha same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneste som elevar i vidaregåande skole.

§ 4-2 nytt fjerde ledd skal lyde:

Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5-1, bortsett frå andre leddet siste setning, §§ 5-3, 5-4, 5-5. og 5-6 tilsvarande.

§ 4-3 første leddet første punktum skal lyde:

Bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar eller lærekandidatar, må vere godkjende av yrkesopplæringsnemnda, jf. § 12-3.

§ 4-4 første til fjerde leddet skal lyde:

Opplæringa av lærlingen og lærekandidaten skal skje i samsvar med den fastsette læreplanen. Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan, jf. § 5-5 første leddet. Lærlingen og lærekandidaten skal få fri til å gjennomføre teoriopplæringa utanfor lærebedrifta. For fag med teorikrav ut over grunnkurs og vidaregåande kurs I må lærebedrifta dekkje kostnadene for tilleggsoplæringa.

Lærebedrifta skal leggje vekt på å skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og skoletida til lærlingen og lærekandidaten skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.

Lærebedrifta melder lærlingen til den fagprøva eller sveineprøva som blir halden nærmast den tida da læretida er ute. Lærekandidaten skal ved slutten av kontrakttida få høve til å gå opp til ei kompetanseprøve som viser det nivå opplæringa har ført fram til. Lærebedrifta stiller nødvendig arbeidsplass, materiale, reiskapar og assistenthjelp til rådvelde under prøva. Lærebedrifta får eigedomsretten til produktet. Dersom fagprøva, sveineprøva eller kompetanseprøva blir teken på ein skole og skolen dekkjer materialutgiftene, får skolen eigedomsretten til produktet av prøva.

Dersom lærebedrifta stansar eller utviklar seg på ein slik måte at ho ikkje lenger finn det mogleg å gi lærlingen eller lærekandidatentilfredsstillande opplæring, skal ho melde frå til yrkesopplæringsnemnda.

§ 4-5 første leddet skal lyde:

Det skal opprettast skriftleg lærekontrakt mellom lærebedrifta og lærlingen når læreforholdet tek til. Det skal opprettast skriftleg opplæringskontrakt mellom lærebedrifta og lærekandidaten når læreforholdet tek til.

§ 4-6 Endring og heving av lærekontrakt skal lyde:

Etter samtykke frå yrkesopplæringsnemnda kan opplæringskontrakten mellom lærekandidaten og lærebedrifta endrast i løpet av kontrakttida til ordinar lærekontrakt med fagbrev eller sveinebrev som mål.

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Lærekontrakten *eller opplæringskontrakten* kan hevast av partane dersom dei er samde om det og etter at lærebedrifta har orientert yrkesopplæringsnemnda skriftleg om det, jf. § 12-3.

Etter samtykke frå yrkesopplæringsnemnda kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen *eller lærekandidaten* dersom

- a) den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege bort på pliktene sine i arbeidsforholdet,
- b) lærlingen, *lærekandidaten* eller lærebedrifta viser seg ute av stand til å halde fram i læreforholdet, eller
- c) lærlingen *eller lærekandidaten* skriftleg seier frå at det er ei urimeleg ulempe for han eller ho å halde fram ut kontrakttida.

Yrkesopplæringsnemnda avgjer i tilfelle når læreforholdet skal ta slutt. Lærebedrifta skal skrive ut ein attest for den delen av kontrakttida som er gjennomført med ei fråsegn om denne delen av opplæringa.

Når lærlingen *eller lærekandidaten* frivillig hevar *kontrakten*, fell retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 bort dersom yrkesopplæringsnemnda ikkje vedtek noko anna. Når det blir gjort vedtak om å heve ein *kontrakt* etter krav frå lærebedrifta, beheld lærlingen *eller lærekandidaten* retten til vidaregåande opplæring med mindre vedtaket fastset at retten fell bort.

Før det blir gjort vedtak om heving etter krav frå lærebedrifta eller før det blir gjort vedtak om tap av rettar, skal lærlingen *eller lærekandidaten* kunne forklare seg munnleg for den som skal gjere vedtaket.

Etter samtykkje frå yrkesopplæringsnemnda kan læretida avbrytast i samband med permisjon.

Dersom lærebedrifta stansar eller ikkje lenger fyller vilkåra for godkjenning etter § 4-3, eller dersom yrkesopplæringsnemnda finn at opplæringa ikkje er tilfredsstillande, skal nemnda medverke til å skaffe lærlingane *eller lærekandidatane* ny læreplass for resten av *kontrakttida*. Den nye lærebedrifta går inn i *kontrakten* i staden for den tidlegare lærebedrifta. Etter samtykkje frå fylkeskommunen kan *kontrakttida* i den nye lærebedrifta gjerest inntil eitt år lengre dersom *opplæringa har vært mangelfull*.

Lærekontrakten eller opplæringskontrakten kan ikkje endrast eller hevast på annan måte enn etter denne paragrafen. Unntak gjeld for lærlingar som har prøvetid etter § 4-5 tredje leddet.

§ 4-7 skal lyde:

Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den faglege leiaren føre tilsyn i lærebedrifta med at

-
- opplæringsforholda i lærebedrifta er tilfredsstillande
- det blir skrive lærekontraktar og *opplæringskontraktar*
- læreplanane for faga for lærlingane og dei individuelle *opplæringsplanane for lærekandidatane* blir følgde
- lærlingane og *lærekandidatane* får den teoriopplæringa dei har krav på.

Nytt kapittel 4A skal lyde:

Kapittel 4A Opplæring spesielt organisert for vaksne

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

§ 4A-1. Rett til grunnskoleopplæring for vaksne

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskoleopplæring, har rett til slik opplæring, så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskoleopplæring for vaksne. Opplæringa skal tilpassast behovet til den enkelte.

Opplæringa og undervisningsmateriellet er gratis.

§ 4A-2. Rett til spesialundervisning på grunnskolens område

Vaksne som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

For opplæring etter denne paragraf gjeld §§ 5-1 tredje leddet bortsett frå siste punktum, og 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

§ 4A-3. Rett til vidaregåande opplæring for vaksne

Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne som er fødte før 1. januar 1978. Opplæringa for vaksne skal tilpassast behovet til den enkelte. Retten kan oppfyllest mellom anna ved fjernundervisningstilbod. Departementet gir nærmare forskrifter, mellom anna om kven retten omfattar, om inntak, rangering og førerett.

Vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring, har rett til å fullføre opplæringsløpet. Dette gjeld sjølv om dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter første leddet.

I fag der læreplanen føreset lengre opplæringstid enn tre år, har dei vaksne rett til opplæring i samsvar med den opplæringstida som er fastsett i læreplanen.

Opplæringa er gratis. Fylkeskommunen kan påleggje vaksne som får vidaregåande opplæring, å halde seg med undervisningsmaterieil og utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha, til eige bruk. Fylkeskommunen kan krevje betaling for utgifter til å kopiere slikt materieil. Departementet gir nærmare forskrifter.

§ 4A-4. Kommunen og fylkeskommunen si plikt til å sørgje for grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring for vaksne

For opplæringa etter dette kapitlet gjeld §§ 13-1 til 13-3.

Kommunen og fylkeskommunen kan nytte studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar for å oppfylle plikta til å gi opplæring til vaksne.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at vaksne får dokumentert opplæringa som dei har gjennomført.

Kommunen og fylkeskommunen skal leggje til rette for at vaksne som får opplæring etter dette kapitlet, får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

Departementet gir nærmare forskrifter om vurdering, om klage på vurdering, om eksamen og om dokumentasjon.

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

§ 4A-5 Kompetansekrav for undervisningspersonell

§ 10-1 med tilhøyrande forskrift gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet. Departementet kan gi forskrifter om at ein likevel kan tilsetje personell utan formell pedagogisk kompetanse.

For opplæring etter § 4A-2 andre leddet gjeld ikkje § 10-1 med tilhøyrande forskrift. Opplæringa skal likevel skje under fagleg og pedagogisk rettleiing og ansvar.

§ 4A-6. Innhaldet i opplæringa

Læreplanar etter § 1-3, § 2-3, § 3-4 og § 6-4 gjeld med dei tilpassingar som følgjer av dette kapitlet.

§ 4A-7. Skyss m.m.

Vaksne som ikkje har fullført grunnskolen, og som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskoleopplæring etter dette kapitlet. § 7-4 gjeld tilsvarande.

Kommunen skal innlosjere dei vaksne når dagleg skyss etter første og andre leddet ikkje er forsvarleg. Når det er nødvendig, gjeld tilsyn etter § 7-1 fjerde leddet tilsvarande.

Elles gjeld § 13-4 tilsvarande for dei pliktene som følgjer av denne paragrafen.

§ 4A-8. Rådgiving

Vaksne med rett til opplæring etter §§ 4A-1 og 4A-2 har rett til rådgiving for å kartleggje kva tilbod den vaksne har behov for.

§ 4A-9. Bortvising

Når ein elev eller deltakar vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev eller deltakar alvorleg forsømmer pliktene sine, kan kommunen/fylkeskommunen vise eleven/deltakaren bort frå resten av det kurset eleven/deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset kan fylkeskommunen også vedta at eleven/deltakaren skal misse retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3.

Kommunen/fylkeskommunen kan ikkje overlata til eit organ på skolen å gjere vedtak etter denne paragrafen om bortvising eller tap av retten til opplæring.

Før det blir gjort vedtak om bortvising eller tap av rettar, skal ein vurdere om det er mogleg å bruke andre hjelpe- eller refsingstiltak.

§ 4A-10. Tilsyn, kontroll og klage

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

§ 14-1, § 15-1 første leddet og § 15-2 gjeld også for opplæring etter dette kapitlet.

§ 4A-11. Forsøk

§ 1-4 gjeld tilsvarande for opplæring etter dette kapitlet.

§ 5-2 blir oppheva

§ 7-5 blir oppheva

§ 8-1 nytt tredje ledd skal lyde:

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

§ 9-4 første leddet blir oppheva. Andre leddet blir nytt første ledd. Fjerde leddet blir nytt tredje ledd.

§ 9-4 nytt andre ledd skal lyde:

Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som dekkjer vesentlege delar av måla og hovudmomenta for eit fag etter læreplanen for vedkommande klassetrinn eller kurs, og som elevane regelmessig skal bruke.

§ 9-4 tredje leddet blir nytt fjerde ledd og skal lyde:

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i *første leddet*.

§ 12-1 andre leddet, andre strekpunkt skal lyde:

-
- forskrifter om fagprøve, sveineprøve og kompetanseprøve på lågare nivå for lære kandidater.

§ 12-2 fjerde leddet, tredje strekpunkt skal lyde:

-
- vedtek forskrift om korleis teorikrava i eit fag skal dekkjast når forskriftene om innhaldet i opplæringa ikkje krev at lærlingen *eller lærekandidaten* har gjennomgått grunnkurs og vidaregåande kurs før opplæringa i bedrift.

§ 12-3 andre leddet, tredje punktum skal lyde:

Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

Dessutan skal det nemnast opp ein lærling- eller lære kandidatrepresentant.

§ 12-4 fjerde leddet skal lyde:

Yrkesopplæringsnemnda skriv ut fagbrev, sveinebrev og dokumentasjon for kompetanse for lære kandidatar på grunnlag av greidd prøve.

§ 13-3 andre leddet skal lyde:

Fylkeskommunen skal gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 eller § 4 A-3.

§ 13-5 blir oppheva.

§ 15-2, andre leddet skal lyde:

Departementet er klageinstans for enkeltvedtak om inntak og spesialundervisning i den vidaregåande opplæringa, enkeltvedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring etter § 3-8 og § 4-6 og for enkeltvedtak om opplæring i inntil to år ekstra etter § 3-1 femte leddet.

II.

I lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova) blir det gjort følgjande endringar:

Ny § 9 fjerde leddet skal lyde:

Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om spesialundervisning. Reglane i kapittel 5 i opplæringslova gjeld tilsvarande.

Ny § 10 fjerde leddet skal lyde:

Departementet er klageinstans ved klage over kommunale og fylkeskommunale enkeltvedtak om skuleskiss i grunnskulen.

Ny § 15 tredje leddet skal lyde:

Opplæringslova § 10-9 gjeld tilsvarande for grunnskular godkjende etter lova her.

§ 26 tilskotsregel nr. 1 bokstav b skal lyde:

–b) *Skulane kan etter søknad få statstilskot til investeringsutgifter.*

§ 26 tilskotsregel nr. 4, innleiinga, skal lyde:

Vidaregåande skular som kan godkjennast etter § 3 bokstav a, b og d i lova her:

Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.

§ 26 tilskotsregel nr. 11 blir oppheva.

III.

Denne lova trer i kraft frå den tid Kongen fastset. Dei enkelte reglane i lova kan setjast i verk frå ulik tid.

